



Kjekt og keisamt

Ei følgjeevaluering av prosjektet *Kvitebjørnen – undring
og læring*

OLE MARIUS HYLLAND

TF-notat nr. 14/2013

Tittel: Kjekt og keisamt
Undertittel: Ei følgjeevaluering av prosjektet *Kvitebjørnen – undring og læring*
TF-notat nr: 14/2013
Forfatter(e): Ole Marius Hylland
Dato: 20.04.2013
ISBN: 978-82-7401-615-6
ISSN: 1891-053X
Pris: 140,- (Kan lastast ned gratis fra www.telemarksforsking.no)
Framsidedfoto: Kvitebjørnen, teikna av Otto Valstad. Henta frå forsida til den fyrste publikasjonen av Rasmus Lølands *Kvitebjørnen*, på Gyldendalske forlag, 1906.

Prosjekt: Evaluering Kvitebjørnen
Prosjektnr.: 20070800
Prosjektleder: Ole Marius Hylland
Oppdragsgiver(e): Rasmus Løland-stiftinga

Spørsmål om denne rapporten kan rettes til:

Telemarksforsking
Postboks 4
3833 Bø i Telemark
Tlf: +47 35 06 15 00
Epost: post@tmforsk.no
www.telemarksforsking.no



Ole Marius Hylland er Forsker I / kulturhistoriker, dr.art og fagkoordinator for kultur-forsking ved Telemarksforsking. Han har tidlegare vore prosjektleiar for fleire prosjekt med tema kunst/kultur og barn, blant anna ein evaluering av Den kulturelle skolesekken i Rogaland og ein evaluering av Kunstløftet for Norsk kulturråd. Han har elles lang erfaring som evalueringsforskar og har skrive ei rekke artiklar om kulturpolitiske og kulturhistoriske emne.

Forord

Denne rapporten presenterer resultatet av eit arbeid med ei følgjeevaluering av prosjektet "Kvitebjørnen – undring og læring". Evalueringa er gjennomført over ein periode på omlag fem år, og eg har fylgd prosjektet frå starten. Undervegs har eg hatt god hjelp frå dei som har organisert prosjektet. Takk til dykk. Eg har òg vore på besøk hjå tre klassar i fleire år, og dei har teke godt i mot meg. Ein stor takk til dykk òg.

Bø, april 2013

Ola Marius Hylland

Prosjektleiar

Innhold

1. Innleiing	7
1.1 Utgangspunkt og problemstillingar.....	7
1.2 Metode og empiri	8
1.2.1 Dokumentgjennomgang	8
1.2.2 Intervju og feltarbeid	8
1.2.3 Survey-undersøkingar.....	8
1.3 Strukturen i rapporten	9
2. Bakgrunn, gjennomføring, formål	10
2.1 Utgangspunkt for <i>Kvitebjørnen</i>	10
2.2 Gjennomføring og formål	11
3. Statusrapportar undervegs	13
3.1 Statusrapport januar 2010.....	13
3.1.1 Utgangspunkt, empiri og metode.....	13
3.1.2 Foreløpige erfaringer	13
3.1.3 Pedagogisk opplegg, undervisningsmateriell.....	15
3.1.4 Mulige utfordringer.....	16
3.2 Statusrapport juni 2011.....	18
3.2.1 Utgangspunkt	18
3.2.2 Inntrykk frå skuleåret 2010-2011	18
3.2.3 Pedagogisk opplegg, undervisningsmateriell.....	20
3.2.4 Oppsummering.....	21
3.3 Status mai 2012.....	22
3.3.1 Utgangspunkt	22
3.3.2 Inntrykk frå skuleåret 2011-2012	22
3.3.3 Pedagogisk opplegg, undervisningsmateriell.....	24
3.3.4 Oppsummering.....	25
4. Avsluttande undersøkingar 2013	27

4.1	Elevundersøkinga	27
4.2	Lærarundersøkinga.....	32
5.	Konklusjonar og sluttord	35
5.1	Utvalde hovudpunkt	35
5.2	Alt i alt? Kva for lærdom kan ein trekkje av dette?	36
6.	Vedlegg	39
6.1	Rettleiande intervjuguide for skuleklassane, 2008-2012.....	39
6.2	Svar på lærerundersøkinga 2013	40

1. Innleiing

1.1 Utgangspunkt og problemstillingar

Telemarksforsking inngjekk ein avtale med Rasmus Løland-stiftinga i 2008 om å gjennomføre ei fylgjeevaluering av prosjektet *Kvitebjørnen – undring og læring*. Evalueringa skulle fylgje utvalde skular og delar av prosjektet. Dette skulle gje høve til å kome med erfaringar frå deltakarane, samt å komme med innspel til korleis prosjektet kunne utviklast vidare.

Opphavleg vart dette formålet sett opp for evalueringa:

Følgjeevaluering av pilotprosjektet *Kvitebjørnen* for å avdekke om prosjektet når måla sine undervegs, utvikling av prosjektet undervegs basert på løpande resultat frå evalueringa, samt ei slutttilråding av vidare oppfølging om fagleg innhald og organisering.

Ved hjelp av ulike kjelder skulle ein freiste å finne svar på:

- om dei utvalde tekstane er eigna til å nå definerte mål/delmål for dei årlege temaa
- i kva grad temahefta er eigna til å skape debatt og utløyse kreativitet
- i kva grad prosjektskildringa for prosjektet gir tydeleg nok omtale av mål og forventa resultat i prosjektet.
- kva for oppfatning elevane har av det arbeidet dei driv med
- kva for forventningar elevane har
- korleis elevane løyser dei ulike oppgåvene

Dessutan skulle ein sjå nærare på:

1) Samanheng mellom tekstar, tema og oppgåver:

- kva for oppfatning elevar og lærarar har av det arbeidet dei driv med
- kva for forventningar dei har
- korleis dei løyser dei ulike oppgåvene

2) Effektar på lokalsamfunnsutviklinga:

- om prosjektet faktisk utløyser større engasjement for og stoltheit over lokalmiljøet
- om det utløyser nye prosjekt og aktivitetar

3) Evaluering av lese- og læringsmetodar som blir brukt:

- i kva for grad dei er eigna til å utløyse refleksjon omkring dei ulike temaa, og å nå måla for dei ulike temaa og for prosjektets overordna mål.

Arbeidet med evalueringa har vorte lagt opp på det viset at det har vorte gjennomført eit årleg feltarbeid i samband med prosjektperioden til *Kvitebjørnen*. Dette blir nærare presentert nedanfor. I dialog med oppdragsgjevar (og organisator av prosjektet) har det vorte skrivi tre notat med førebelse analysar. Desse notata har ikkje vore publisert tidlegare, og er inkludert i sin heilskap i denne rapporten.

1.2 Metode og empiri

Evalueringa har vorte gjennomført med hjelp av tre ulike kjelder. Eg har nytta ulike typar dokument, intervju og spørjeundersøkingar. Korleis eg har nytta desse kjeldene, seier eg kort noko om i det fylgjande.

1.2.1 Dokumentgjennomgang

I evalueringa har skriftleg materiale vore viktig. Dette gjeld for det fyrste læringsmaterialet som har vore nytta gjennom dei fem prosjektåra. Eg har hatt tilgang til dei tekstane og mesteparten av det undervisningsopplegget som har vore sendt ut til lærarane. Dette inkluderer blant anna dei ulike Rasmus Løland-tekstane.

Prosjektet si heimeside, kvitebjørnen.com, har òg vore ei viktig kjelde. På denne sida har prosjektet og dei ulike temaa vorte presentert. Her har læringsmateriell vorte lagt ut, og ikkje minst har elevane frå dei ulike klassane blogga undervegs i prosjektet. Desse bloggtekstane har vore ei eiga kjelde i evalueringa, som dokumentasjon på både kva elevane har gjort innanfor prosjektet, og på korleis dei har vurdert det dei har halde på med.

1.2.2 Intervju og feltarbeid

Eit utgangspunkt for denne følgjeevalueringa var at tre skuleklassar skulle følgjast gjennom heile prosjektperioden, frå sjetten trinn til tiande trinn. Desse tre klassane skulle dekke ulike nærmiljø, ein viss variasjon i geografi osv. Etter ei vurdering vart det vald ut tre case-klassar. Desse var på Sunnylven skule i Hellesylt, Stranda kommune; Sandeid skule i Vindafjord kommune og Sand skule i Suldal kommune. Dei fyrste tre åra besøkte eg alle tre klassane rett etter at dei hadde gjennomført prosjektet. (Klassen frå Sandeid skule hadde i det andre prosjektåret flytta til Vikedal skule, då dei gjekk over på ungdomstrinnet.) På grunn av at Vikedal skule ikkje deltok i prosjektet dei siste to åra, blei berre dei to andre klassane følgd opp i det fjerde og femte prosjektåret.

Emna for desse samtalen med elevane var korleis dei hadde erfart arbeidet med *Kvitebjørnen* dette året. Samstundes ville eg òg gjerne ha elevane til å reflektere noko rundt plassen dei budde på, tilhøvet mellom før og no og kva for planer dei hadde for framtida si. Tanken med desse spørsmåla var å samtale direkte om noko av det som har vore eit hovudmål for *Kvitebjørnen* – styrke ein refleksjon over eige nærmiljø. Ein rettleiande intervjuguide ligg som vedlegg til rapporten.

1.2.3 Survey-undersøkingar

Den tredje kjelda i prosjektet har vore spørjeundersøkingar. To ulike former for undersøkingar har vorte nytta. Den eine har vore enkle spørsmål til lærarane i dei tre forsøksklassane, sendt ut på epost. I desse vert det stilt korte spørsmål om erfaringane frå det einskilde prosjektåret, både med tanke på organiseringa av prosjektet og korleis elevane opplevde arbeidet.

Den andre formen eg har nytta, har vore elektroniske spørjeundersøkingar med verktøyet SurveyXact. Det siste året, 2012-2013, sende eg ut ei avsluttande undersøking til alle deltakande sku-

lar gjennom heile perioden. Denne inneheldt spørsmål som gjaldt prosjektet som heilskap, og som etterspurde ei totalvurdering av det. Undersøkinga er nærare presentert i kap. 4.2, og svara på undersøkinga er teke inn som eige vedlegg til rapporten.

Dette siste prosjektåret sende eg òg ut ei spørjeundersøking til dei to gjenverande case-klassane. Denne undersøkinga inneheld spørsmål både om det siste året i prosjektet og om korleis dei vurderte *Kvitebjørnen* som heilskap, no etter fem år. Undersøkinga og elevanes svar på ho vert presentert i kapittel 4.1.

1.3 Strukturen i rapporten

Rapporten har den følgjande strukturen. I kapittel 2 går eg kort igjennom bakgrunnen for, og den praktiske gjennomføringa av *Kvitebjørnenprosjektet*. Kapittel 3 inneheld tre tidlegare skrivne notat med førebelse analysar av arbeidet i *Kvitebjørnen*. Desse er skrivne etter feltarbeidet i det andre, tredje og fjerde prosjektåret. Tidlegare har desse vore formidla direkte til prosjektleiinga. Her blir dei inkludert som ein sentral del av sluttrapporten. Kapittel 4 presenterer dei undersøkingane som er gjennomførte i dette siste prosjektåret – ei lærarundersøking og ei elevundersøking. Det avsluttande kapitlet samlar nokon av dei trådane og punkta som har vore viktige undervegs i arbeidet med evalueringa, og inneheld òg ei kortfatta overordna vurdering av tilhøvet mellom mål, arbeid og resultat i prosjektet *Kvitebjørnen – undring og læring*. Heilt til slutt finn ein to vedlegg med empirisk dokumentasjon frå feltarbeidet.

2. Bakgrunn, gjennomføring, formål

2.1 Utgangspunkt for *Kvitebjørnen*

Rasmus Løland (1861-1907) var ein bondesøn frå Suldal som vart forfattar av både vaksenlitteratur og barnelitteratur, journalist og redaktør. Det er som forfattar av forteljingar for barn han er mest kjend for ettertida, særleg som *nynorsk*forfattar av barnelitteratur, der han er ein pioner. Han døydde ugift i Asker, 46 år gamal (jf. Drange 2007¹).

I samband med at det var hundre år sidan Lølands død, vart det teke eit initiativ til ei fleirårig Rasmus Løland-markering. Det fyrste initiativet til ei markering vart teke allereie i 2000. Eit forprosjekt førde til ein rapport: *Undranda og skapande: Rasmus Løland-markering 2007-2011*. Denne var utarbeidd av Einar Schibevaag, Norsk Plan, og "Undrande og skapande" vert etablert som visjonen for tiltaket. Det vart etterkvart oppretta eit styre som hadde denne rapporten som eit arbeids- og styringsdokument for markeringa (Langeland 2012)². Sjølve markeringa vart organisert som ei stifting, med dei følgjande stiftarane:

Asker kommune
Landssamanslutninga av nynorskkommunar
Noregs Ungdomslag
Nynorsk kultursentrum
Rogaland fylkeskommune
Ryfylke interkommunale selskap
Ryfylkemuseet
Sauda kommune
Suldal Mållag
Stiftinga Magasinett
Stiftinga Pirion
Suldal kommune
Wigestrand Forlag AS
ABC Startside AS (ibid.)

Det var eit mål at markeringa skulle arbeide mot born og unge, og i sluttrapporten til markeringa blir målet omtala slik:

Gjennom barnehage og skule ville markeringa stimulera interessa for å lesa og skriva, og nytta barna sin fantasi for å få fram nye kunst- og kulturuttrykk. Løland-markeringa ville få barn og unge til å reflektera over endringar i eige nærmiljø, eigen kultur og lokalt næringsgrunnlag for å gjera dei trygge og stolte av eigen kultur og identitet. Markeringa hadde også eit mål om å nå ut til organisasjonar som arbeider med dei same målgruppene (Langeland 2012:2).

¹ Ernst Drange (2007): *Rasmus Løland : barnebokpioneren frå Ryfylke*. Oslo: Samlaget.

² Åse Elin Langeland (2012): *Undranda og skapande. Rasmus Løland-markeringa 2007-2011. Sluttrapport 2012*. [URL: http://www.nashornet.no/doc/dokument/1%C3%B8landmarkeinga_sluttrapport_net.pdf]

Eit av tiltaka for å nå desse måla har vore prosjektet *Kvitebjørnen – undring og læring*. Dette har vore presentert som eit pedagogisk pilotprosjekt som spring ut frå Rasmus Løland-markeringa 2007-2011. Eit slikt prosjekt var nemnt allereie i rapporten frå forprosjektet. På *Kvitebjørnens* heimesider les me dette om prosjektet:

I forprosjektet til Rasmus Løland-markeringa 2007-2011 er det gjort framlegg om å laga eit pedagogisk opplegg som kan få elevane til å reflektere over eige nærmiljø, kultur, og lokalt næringsgrunnlag, med tanke på eige engasjement og involvering. Dette er altså ikkje primært eit leseprosjekt eller ei lesesatsing, men eit opplegg der ein nyttar Løland sine tekstar for å skapa refleksjonar og haldningar. (...) Me definerer satsinga som eit kulturelt dannelsingsprosjekt der me nyttar ei samfunnsorientert tilnærming til Løland sin litteratur.

Korleis desse måla vart omforma til praksis, er emnet for neste delkapittel.

2.2 Gjennomføring og formål

Kvitebjørnen delte hovudvisjonen til Rasmus Løland-markeringa, med ein liten vri i undertittelen til prosjektet: *undring og læring*. Frå starten er *Kvitebjørnen* tenkt som eit pedagogisk prosjekt, fokusert på læring og utvikling. Ein grunnleggjande ide for prosjektet var at elevane skulle bruke heimstaden sin som ein ressurs – intervjuje folk i lokalmiljøet, bruke lokale institusjonar, skrive og snakke om lokale forhold. Frå starten av prosjektet har det vore engasjert ein administrativ prosjektleiari. Dette har vore gjennom firmaet Norsk Plan, som også var ansvarleg for forprosjektet til heile Rasmus Løland-markeringa.

Det pedagogiske opplegget vart utvikla av ei gruppe med fem ulike fagpersonar:

Trude Hoel, Universitetslektor ved Lesesenteret, UIS
Johanne Øvstebø Tvedten, lektor med hovudfag i drama- og teaterpedagogikk
Irene Gravelseter, faglærer i kunst og handverk
Anne Margrethe Eidhammer, lektor med hovudfag i forming og film som tema.
Hege Garvik, lærar ved Skånevik skule

Det ferdige opplegget delte prosjektperioden på fem år inn i fem ulike tema. Dei fordelte seg slik:

- 6. trinn: Forteljning som metode
- 7. trinn: Innovasjon og utstilling
- 8. trinn: Film og digital forteljning
- 9. trinn: Filosofi utstilling/teikneserie
- 10. trinn: Å forska på eiga lesing

I forkant av kvart einskild prosjektår vert det halden ei fagleg samling for lærarar med tilknytning til prosjektet. For alle dei fem temaa og fem trinna skulle elevane ta utgangspunkt i forteljingar frå Rasmus Løland. For alle emna skulle dei og knytte tematikken til lokale forhold, til eige miljø, eiga utvikling osv. Dei skulle og i alle fem åra produsere noko konkret – ein digital historie (photo story), ein film, modellar, plakatar, utstillingar, rapportar. Samstundes skulle dei blogge undervegs om arbeidet. Bloggane vart publisert på heimesida til prosjektet.

Alt i alt har det vore 16 skular med i prosjektet. Det var desse skulane:

- Undheim skule i Time kommune
- Røvær skule i Haugesund kommune

- Vikedal, Sandeid og Imsland skule i Vindafjord kommune
- Sand, Marvik og Vinjar skule i Suldal
- Rennesøy skule i Rennesøy kommune
- Brakanes skule i Ulvik herad
- Skånevik skule i Etne kommune
- Sagvåg skule i Stord kommune
- Austbø skule i Alstahaug kommune
- Sunnylvn skule i Stranda kommune
- Strand skule i Osen kommune
- Hvalstad skole i Asker kommune

Til saman har rundt 200 elevar vore involvert i prosjektet.

Undervegs har fleire skuler falle ifrå (og nokre kome til), og det siste året var det ni skular som aktivt arbeidde med prosjektet (ifølgje heimesida): Sand, Rennesøy, Sunnylvn, Austbø, Skånevik, Røvær, Brakanes, Undheim og Vikedal. (Samstundes er det berre fem av desse skulane som har skrive om arbeidet på bloggsida på kvitebjørnen.com.)

Geografisk er dei deltakande skulane spreidd utover landet, men som kartet nedanfor syner, er det ein sterk konsentrasjon av skular i Ryfylke og Rogaland. Det har vore ein skule frå Austlandet (Hvalstad skole, Asker) og ein skule frå Nord-Noreg (Austbø skule, Alstahaug) med i prosjektet.



Fig. 1. Lokalisering av deltakande skuler i *Kvitebjørnen*. (Google Maps).

3. Statusrapportar undervegs

I dette kapittelet er det samla dei statusrapportane som er skrivne undervegs i evalueringsprosjektet. Dei er overlappande på nokre punkt og er nødvendigvis prega av den fasen dei er skrivne i. Samstundes er det og vesentlege punkt i desse undervegsrapportane som heng saman med den overordna vurderinga av prosjektet. Det kjem me attende til i det avsluttande kapittelet. Her er dei tidlegare rapportane tatt med meir eller mindre ubrigda: Ein statusrapport frå januar 2010, ein rapport, ein statusrapport frå juni 2011 og ein frå mai 2012. (Den fyrste av desse rapportane vart skriven på bokmål og er ikkje omsett til nynorsk her.)

3.1 Statusrapport januar 2010

3.1.1 Utgangspunkt, empiri og metode

Tidlig i prosjektet ble tre skoler valgt ut som *case*-skoler: Sunnlyven skule, Sandeid skule og Sand skule. I november 2008 besøkte jeg de tre skolene for gruppeintervjuer med de klassene som hadde vært med på prosjektet. I etterkant av intervjuene sendte jeg også noen spørsmål på epost til de ansvarlige lærerne. I november 2009 besøkte jeg de samme skolene og klassene. De ansvarlige lærerne vil også denne gangen bli tilsendt spørsmål pr. epost. I tillegg har jeg fulgt med på bloggen til prosjektet og på utviklingen på hjemmesiden kvitebjørnen.com. Jeg har også sett på det tilgjengeliggjorte undervisningsmateriellet og tekstgrunnlaget til de to første prosjektårene.

Intervjuene har blitt lagt opp nokså likt både mellom skolene og i de to ulike omgangene, bortsett fra noen tilpasninger i forhold til temaet for *Kvitebjørnen* i henholdsvis 2008 og 2009. I de gjenværende årene av prosjektet vil det samme metodiske grepet brukes.

Utgangspunktet for intervjuene har vært hva elevene synes om, og hva de tenker om prosjektet de nylig hadde vært igjennom. Det har vært viktig å intervjuer elevene i direkte etterkant av det gjennomførte prosjektet, slik at inntrykkene skal være så ferske som mulig. Metodisk har det vært viktig å gå omveier rundt de mest direkte spørsmålene av typen ”Hva synes dere om *Kvitebjørnen*”, eller, mer voksent; ”Hva lærte dere av *Kvitebjørnen-prosjektet*”. Erfaringsmessig gir slike spørsmål liten gevinst. At 12 elever svarer ”ganske kjekt” mer eller mindre samstemt og enig, sier nokså lite om hvordan prosjektet har fungert i praksis. De direkte spørsmålene til elevene har dreiet seg om hva som er bra, og hva som er mindre bra ved prosjektarbeidet, med stedet de bor på, med ulike måter å jobbe med skolearbeid på m.m. Jeg har også forsøkt å få elevene til å reflektere litt rundt både egen fremtid og hjemmeplassens fremtid, for å berøre stedstilhørighet og lokal identitet – en av målsettingene med *Kvitebjørnen-prosjektet*.

3.1.2 Foreløpige erfaringer

Kvitebjørnen 2008

Elevene ved de tre utvalgte skolene var godt fornøyd med prosjektarbeidet i november 2008. Generelt synes alle det var morsomt å gjøre noe annet enn det ordinære skolearbeidet, og prosjektet ble nok plassert i den nokså åpne elevkategorien ”noe annet enn vanlig skolearbeid og derfor bra

og morsomt”. At skoleelever setter pris på alternative undervisningsformer og brudd med skolehverdagens rutiner, er svært vanlig og lite overraskende, men dette har nok gitt *Kvitebjørnen* god starthjelp. Det har ikke vært vanskelig å få elevene til å fortelle om prosjektet de har arbeidet med, eller om stedet de bor på.

Bakgrunnskunnskapen har variert mellom skolene. For elevene på Sand og til dels på Sandeid er Rasmus Løland et kjent navn. Sand-elevne kjenner Lølandsteinen, Lølandtunet, har sett bilder knyttet til Løland på ferga, og de plasserer forfatteren inn i det landskapet og det tettstedet de selv er en del av. Sandeid-elevne hadde også relativt god kjennskap til Løland og hadde referanser til stedet Løland m.m. For elevene på Sunnylvn skule var Rasmus Løland et ukjent navn, og kun én av elevene mente å ha hørt om han før.

Oppgavene og leseleksene ble av de fleste oppfattet som enkle. Selv om tekstene til dels lå et stykke fra elevenes eget språk, ble det ikke reagert spesielt på dette, med unntak av enkelte ord som ikke ble forstått. Temaet for *Kvitebjørnen* november 2008 var *fortelling*, og elevene så ut til å sette spesielt stor pris på oppgaven med å fortelle lyvehistorier til hverandre. Flere av historiene ble gjenfortalt under intervjuene.

Bloggskrivningen ble ikke omtalt like positivt blant elevene. Enkelte synes dette var greit arbeid, men flere synes det var kjedelig, at det var vanskelig å finne på noe å skrive, og at det ble dårlig med tid til denne delen av arbeidet. Jeg har heller ikke inntrykk av at de fulgte aktivt med på andre skolers blogger og innlegg.

Inntrykket fra lærerne ved de tre skolene etter prosjektarbeidet i første runde med *Kvitebjørnen* bekrefter på mange måter det elevene uttrykker. Lærerne ved alle de tre skolene sier at det var et stort engasjement blant elevene, og at alle, eller de aller fleste var positive til prosjektet og prosjektarbeidet. De uttrykker også det elevene selv sier, at de satte størst pris på og kanskje fikk mest ut av de muntlige oppgavene. Ifølge lærerne var det også slik at elevene oppfattet fortellingstrening som et hovedpoeng med prosjektet i denne første runden. Det samsvarer også med hovedtemaet for *Kvitebjørnens* første år, så dette må sies å være et tegn på at tematikken har fungert.

Når det gjelder det mer lærerspesifikke, er lærerne også positive til hvordan prosjektet ble introdusert for lærerne. Det nevnes at de hadde/har et godt utgangspunkt i det undervisningsopplegget som fulgte prosjektet. For lærerarbeidet har det vært noe tidspress, slik at det ikke har vært så enkelt å gjennomføre alle oppgavene i prosjektet. Dette er en relativt vanlig problemstilling for prosjektarbeid i grunnskolen, men i dette prosjektet har det nok gått utover arbeidet med å legge ut ting på nettsiden til prosjektet. Flere av lærerne gir inntrykk av at det er denne delen det har vært vanskeligst å få til på en god måte, og som det har vært mest nærliggende å nedprioritere. Det etterlyses også noe mer aktivitet på nettsidene til prosjektet.

Kvitebjørnen 2009

Prosjektet for 2009 ble også tatt hovedsakelig godt imot av elevene. Også dette året ble det uttrykt stor tilfredshet med variasjon i skolehverdagen, og *Kvitebjørnen* sto for en velkommen variasjon. Det var noe mer vanskelig for elevene dette året å gjenfortelle hva prosjektet hadde gått ut på, og hva de hadde arbeidet med. Samtlige synes samtidig at det var morsomt å jobbe med modellene og utstillingen.

Temaet dette året passet for alle tre skolene godt overens med kunnskap om og engasjement for lokalmiljøet sitt. Mange hadde svært bestemte meninger om hva som var bra eller mindre bra med

stedet de bodde på, og flere av disse meningene hadde blitt reflektert i ideer som ble brukt i arbeidet med modellene.

Intervjuene skapte også et inntrykk av at det var vanskeligere begreper elevene arbeidet med dette året enn tilfellet var året før. Begrepene innovasjon og problemstilling m.fl. var det vanskeligere å få til en samtale rundt, og flere ga uttrykk for at det hadde vært vanskelig å jobbe med problemstillinger. Engasjementet hadde åpenbart tiltatt når ideeprosessen og byggeprosessen var i gang.

Erfaringene med prosjektet hos elevene varierer også litt ut fra hvordan det ble organisert lokalt, og hva de hadde erfaring med fra tidligere. På den ene av *case*-skolene uttalte elevene at det "hadde vært morsommere i fjor", og at det ikke hadde vært noe bra at også 5.- og 6.-klassingene var involvert samtidig. De synes også at det minnet for mye om *Grunnskuleveka*, som er et opplegg der skolen arbeider med et gitt emne gjennom en uke. Samtidig synes også elevene ved denne skolen at arbeidet med utstilling hadde vært morsomt.

Tematikken for 2009 viste at det er interessante forskjeller mellom de tre utvalgte skolene med tanke på tilknytning til lokalmiljøet. Dette gjelder både bakgrunn og fremtidsideer. Det er markante forskjeller mellom Sand skule og de to andre skolene – Sandeid og Sunnlyven. På Sand skule er det en god del elever i klassen som ikke kommer fra kommunen, men enten fra utenfor Norge (Nederland, Tyskland), eller fra andre steder i Norge (for eksempel Haugesund). Når man spør om ideer og planer for egen fremtid er også et flertall av disse knyttet til en fremtid utenfor kommunen – enten andre kommuner, større norske byer eller utenlands. Alle i gruppen trekker frem positive ting ved hjemstedet, men har også noen negative ting å si om stedet. (Her er det fristende å peke på noen stereotypiske kjønnsforskjeller: Jenter sier "ingen ting å gjøre" eller "drittkjedelig", mens gutter sier "for lite snø" eller "kloakken renner ut i båthavna".)

Sandeid og Sunnlyven er på flere måter forskjellige fra Sand. Her er et stort flertall av elevene født og oppvokst i kommunen, og elevene har også i langt større grad lagt fremtidsplaner (i den grad de har det) som innebærer å fortsette å bo i kommunen. (Mange av elevene har relativt konkrete yrkesideer som bonde, snekker, elektriker, frisør m.m., mens andre ser for seg å arbeide som verdenshersker, astrofysiker eller advokat/godterifabrikant.)

Felles for alle elevene er et engasjement i lokalmiljøet, et som var tydelig tilstede både i 2008 og 2009. Det er ikke vanskelig å få synspunkter fra elevene på hva som er bra, og hva som er mindre bra med det stedet de bor på. Mange har god kunnskap om hva som rører seg i kommunen, og uttrykker for eksempel misnøye med ordføreren, har synspunkter på byggeprosjekter i lokalmiljøet m.m. Tematikken for 2009 var godt egnet til å fange opp dette engasjementet.

3.1.3 Pedagogisk opplegg, undervisningsmaterieell

For både 2008 og 2009 er det tilgjengeliggjort et pedagogisk opplegg, tekster, lydfiler og annet undervisningsmaterieell, både gjennom kvitebjørnen.com og gjennom fysisk materieell (eks. kiste som ble sendt skolene i 2008). Hjemmesiden er viktig og gir god tilgang til materialet, med unntak av noen ikke-fungerende og feilkodede lenker. Skolene ser ut til å ha brukt undervisningsopplegget og materieellet aktivt. De tre skolene har alle fulgt opplegget nokså tett, men ikke nødvendigvis brukt alle elementene. Lærerne melder om et visst tidspress, som har gjort at for eksempel ikke alle elementene i opplegget for 2008 er benyttet. Opplegget krever ikke omfattende forberedelser og lar seg lett organisere.

De pedagogiske oppleggene for 2008 og 2009 er nokså forskjellige. Opplegget for 2008 gir inntrykk av å være mer pedagogisk gjennomarbeidet enn opplegget for 2009. Det kan skyldes ulike faktorer. Undervisningsopplegget for 2008 er rotfestet i en nokså etablert dramapedagogisk tradisjon, og arbeidsformen (to og to, grupper, sirkel) er godt tilpasset temaet (fortelling, muntlig kultur). Det gjør det enklere å utarbeide et opplegg som henger sammen. Det er en større utfordring å knytte det mer abstrakte begrepet *innovasjon* til en pedagogisk godt tilrettelagt arbeidsform, og det bærer undervisningsopplegget for 2009 litt preg av. Opplegget for 2009 er mer "voksent", og virker mindre pedagogisk tilrettelagt enn opplegget for 2008. Det virker også noe mekanisk lagt opp med problemstilling, evaluering, idemyldring, prototype og endelig modell. Det kan hende at denne måten å organisere et elevprosjekt på kunne vært forenklet og tydeliggjort. I prosjektet for 2009 er det flere typer læringsmål involvert: tekstforståelse (å relatere en Løland-tekst til samtidige problemstillinger), problemløsning som prosess (problem, problemstilling, løsningsforslag, endelig løsning) samt innovasjon/stedsutvikling knyttet til hjemstedet. Kombinasjonen av læringsmål er nokså ambisiøs og kunne vært redusert noe.

3.1.4 Mulige utfordringer

Kvitebjørnen er et prosjekt som har blitt møtt med ganske stor grad av entusiasme, både fra elever og lærere. Det er åpenbart alt for tidlig i prosjektet å konkludere med om det har vært vellykket, men det er mulig å peke også på enkelte utfordringer og løsningsmuligheter. (Det ligger nødvendigvis også i en følgeevaluerings natur.)

Prosjektet *Kvitebjørnen* er på flere måter et ambisiøst prosjekt. For det første er det et ambisiøst prosjekt i forhold til varighet. Det skiller seg ut gjennom hovedidéen om å følge de samme klassene over fem år, og at det pedagogiske opplegget følger elevenes egen utvikling. Det er også et ambisiøst prosjekt i forhold til målsettingene. Prosjektet er beskrevet slik: "eit kulturelt dannelsesprosjekt der me nyttar ei samfunnsorientert tilnærming til Løland sin litteratur". Hovedmålet er beskrevet slik: "Å lære å forstå sitt eige lokalsamfunn og dei kvalitetane som finst der, å gjera elevane stolte av staden dei kjem frå og la dei aktivt kunne ta del i og påverka utviklinga vidare". Prosjektet skal være tverrfaglig og knytte sammen konkrete tekster, forståelse for lokalmiljø, samt fremme "refleksjonar og haldningar". Det er på mange måter også et nynorskprosjekt, selv om dette språkpolitiske perspektivet er tonet ned.

Med andre ord er det en utfordring for prosjektet å knytte sammenhenger mellom konkrete tekster fra Rasmus Løland, ulike pedagogiske tradisjoner og synspunkter (dramapedagogikk, innovasjon i skolen, filosofi i skolen m.m.) og forholdet til elevenes lokalmiljø. Prosjektet forsøker å dekke mange felt, og står dermed i fare for å få noe sprikende målsettinger. For eksempel: I og med at det er et Rasmus Løland-prosjekt, er nødvendigvis Lølands tekster for barn hele prosjektets utgangspunkt. Jeg synes samtidig at de to første årene viser at det ikke nødvendigvis er like enkelt å lage de nødvendige båndene mellom tekstgrunnlaget, det pedagogiske opplegget og delmålet for det enkelte året. I 2008 var det langt enklere for elevene å skape en forbindelse mellom Løland-tekstene og tematikken – *fortelling*. Tekstene var fortellinger, en av tekstene (Bekafanten) dreide seg om en forteller, og elevene skulle både gjenfortelle og fortelle etter eget hode (med Bekafanten som forbilde). Forbindelsen mellom tekst og prosjekt var langt mindre tydelig i 2009, der Løland-teksten skulle knyttes til temaet *Innovasjon*. Det var åpenbart også vanskeligere for elevene dette året å forbinde tekst med tema. Noen av tekstene til Løland er åpenbart bedre egnet til å dekke et valgt tema i det aktuelle prosjektåret enn andre. Der det ikke er like enkelt å finne egnet Løland-materiell bør man vurdere å finne et tekstgrunnlag som kan supplere Løland, vel å merke dersom tekster skal spille en viktig rolle i prosjektet.

Så vidt jeg kan se, blir det viktig for *Kvitebjørnen* i videreutviklingen av prosjektet å spisse målsetningene – gjøre et tydeligere valg mellom å være et prosjekt som skal gjøre Løland relevant for barn og unge i dag (”ei samfunnsorientert tilnærming til Løland sin litteratur”), og et prosjekt som skal utvikle barnas forhold til det stedet de bor (”å lære å forstå sitt eige lokalsamfunn og dei kvalitetane som finst der”).

3.2 Statusrapport juni 2011

3.2.1 Utgangspunkt

2008 og 2009

Tidleg i prosjektet blei tre skular valt ut til nærare studium: Sunnylvn skule, Sandeid skule og Sand skule. I november 2008 besøkte eg dei tre skulane for gruppeintervju med dei klassene som hadde vore med på prosjektet. Etter samtalanene sende eg nokre spørsmål på e-post til dei ansvarlege lærarane. I november 2009 besøkte eg dei same skulane og klassene. Lærarane har og blitt sendt spørsmål pr. e-post. I tillegg har eg fylgt med på bloggen til prosjektet og på utviklinga på nettsida kvitebjørnen.com. Eg har og sett på det tilgjengelege undervisningsmateriellet og tekstgrunnlaget til dei to første åra.

Intervju

Intervjua har blitt lagt opp nokså likt både mellom skulane og i dei to ulike omgangane, sett bort frå nokre tilpassingar i forhold til temaet for *Kvitebjørnen* i høvesvis 2008 og 2009. I dei attverande åra av prosjektet vil det same metodiske grepet brukast.

Utgangspunktet for intervjua har vore kva elevane synast om, og kva dei tenkjer om prosjektet dei nylig hadde vore igjennom. Det har vore viktig å intervju elevane i direkte etterkant av det gjennomførte prosjektet, slik at inntrykka skal være så ferske som mogleg. Metodisk har det vore viktig å gå omvegar rundt dei mest direkte spørsmåla av typen ”Kva synest de om *Kvitebjørnen*”, eller, meir vaksent; ”Kva lærde de av *Kvitebjørnen-prosjektet*”. Erfaring viser at slike spørsmål gjev liten vinning. At 12 elevar svarer ”ganske kjekt” meir eller mindre samstemt og einig, seier nokså lite om korleis prosjektet har fungert i praksis. Dei direkte spørsmåla til elevane har handla om kva som er bra, og kva som er mindre bra ved prosjektarbeidet, med plassen dei bur på, med ulike måtar å jobbe med skularbeid på m.m. Eg har også forsøkt å få elevane til å seie noko både om eiga framtid og om framtida til heimlassen, for å komme inn på stadkjensle og lokal identitet – ei av målsettingane med *Kvitebjørnen-prosjektet*.

3.2.2 Inntrykk frå skuleåret 2010-2011

Som i tidlegare år har eg besøkt tre skuler. Sand skule vart besøkt i november 2010, og det same vart Sunnylvn skule. Vikedal skule vart besøkt i januar 2011, blant anna fordi dei gjennomførte sitt prosjekt seinare enn dei to andre skulane. På grunn av at klassane no er gått over til ungdomstrinnet, var det nokre endringar i samansettinga av elever. Samstundes var fleire av elevane frå dei to føregåande åra med i dei nye klassane, slik at det er nokså stor kontinuitet i elevgruppene. For Sunnylvn skule, som både har barne- og ungdomstrinn, var klassen den same som vart intervju i 2008 og 2009.

I tillegg til samtalar med dei tre klassane og lærarar ved dei tre skulane, har eg i år også sendt ut ei spørjeundersøking til alle dei lærarane og skulane som er med på *Kvitebjørnen-prosjektet*. Denne undersøkinga blei avslutta i mai 2011. Den var sendt ut til 25 lærarar, og eg mottok 13 svar. Dette er ein litt lågare svarprosent enn forventa, men det er samstundes interessant og relevant informasjon i dei svara som har kome inn.

Lærarane

Spørjeundersøkinga var retta mot lærarane ved alle dei skulene som deltek i *Kvitebjørnen*. Gjennom verktøyet SurveyExact blei alle sendt ei epost-undersøking med følgjande spørsmål:

- Hva er ditt inntrykk av hvordan elevene arbeidet med Kvitebjørnen-prosjektet i år (2010-11)?
- Hva tror du de oppfattet som poenget med prosjektet?
- Virket elevene motivert til å delta i prosjektet?
- Hvordan synes du intensjonen med prosjektet er/har blitt presentert til lærerne?
- Hvordan har materialet (tekster m.m.) fra prosjektet fungert i undervisningen?
- Har det vært forskjeller i hvordan prosjektet har fungert i de tre årene dere har deltatt?
- Hvilken del av prosjektet fungerte best og hvilken, om noen, fungerte mindre bra?
- Har du noen synspunkter på eller forslag til hva som eventuelt burde vært annerledes i gjennomføringen av prosjektet?

Nokre hovudpunkt frå dei svara som lærarane ga:

- Lærarane har generelt inntrykk av at elevane arbeidde godt med prosjektet. Nokre fortel om blanda entusiasme.
- På spørsmålet om motivasjonen til elevane er svara meir blanda. Ein lærar skriv til dømes ”ikkje så veldig motiverte i år”, og eit par andre skriv at motivasjonen til å arbeide med Photostory og digitale verktøy var større enn motivasjonen til å arbeide med temaet det dreide seg om. Samstundes er det og fleire som svarar at elevane verka motiverte eller godt motiverte.
- På spørsmåla om presentasjonen av prosjektet og undervisningsopplegget dette skuleåret finn ein dei mest kritiske svara i undersøkinga. Dette gjeld på fleire område. Blant dei svara som har komme inn, er det fleire som meiner at årets prosjekt har vore litt ambisiøst og diffust, og at lærarane har hatt ein omfattande jobb med å gjere prosjektet og problemstillingane meir konkrete. Det har gjort at det i årets opplegg var langt meir arbeid for lærarane med førebuing av prosjektet enn det har vore dei føregåande to åra. Ein av lærarane skriv til dømes: ”Eg synest at opplegget som var utarbeida denne gongen var for omfattande og for avansert i forhold til målgruppa. Me måtte gi elevane ei mykje meir konkret problemstilling enn det som var lagt opp til i materialet. Sjølve framlegginga på kursdagen var dessutan eit stykke elendig formidling”. Andre var noko meir positive i svara sine. Ein lærar skriv og at etter eit stykke arbeid vart prosjektet langt betre. Han skriv, i ei samanlikning av dei tre prosjektåra: ”3. året: Svakt og svevande undervisningsopplegg, og for fagleg høgt nivå (filmkunnskap) enn kva som passa for elevgruppa. Mykje arbeid for læraren for å gjera prosjektet konkret nok. Då vart det eit prosjekt som fungerte”.

Klassane

Frå dei tre klassane som er besøkt, kjem det litt ulike inntrykk. Det er samstundes eit mønster det er verdt å merke seg, dels på tvers av skuler og dels på tvers av prosjektåra: Blant elevane finst ei klar draging mot det praktiske og det narrative. Dei ønskjer å lage forteljingar, å lage film og å lage teaterstykke, framfor å arbeide med tema. Eit sitat frå ein av bloggane kan tene som eksem-

pel: "Vi har jobba med digital forteljing i Kvitebjørnen i år. Vi trudde at det kom til å bli kjempekjekt, men vi fekk ikkje lage film. Det var litt dårleg. Vi måtte heller lage Photostory men det var også morosamt." Fleire av elevane hugsar med glede tilbake på det første året i *Kvitebjørnen-prosjektet*, der det vart jobba aktivt med å lage forteljingar.

Eit generelt inntrykk er at elevane var noe mindre fornøgde med og motiverte for årets prosjekt. Fleire var opptekne av at prosjektet tok lang tid; at det var kjekt den første uka, men keisamt/kjedeleg den andre uka. I det heile vart ordet "kjedeleg" brukt meir enn ved tidlegare samtalar. (Det er likevel slik at elevane er eit år eldre enn ved førre besøk, og av erfaring veit ein at frekvensen av kva som er kjedeleg/keisamt kan stige kraftig på veg inn i ungdomsskulealderen.)

Eit heilt reelt problem dette året har vore bruken av IT-verktøy. Dette er noko som både elevar og lærarar trekker fram som eit problem. Skulane skulle bruke den Windows-baserte programvara Photo Story for å lage digitale forteljingar. Bruken av dette programmet har fleire stader ikkje gått heilt som planlagt. Fleire av elevane gjev uttrykk for at det gjekk ut over motivasjonen når det oppstod dataproblem og arbeidet måtte settast på vent. På ein av bloggane skriv til dømes eit par elevar:

"Ikkje så kjekt, men det var mest fordi pc-ane klikka heile tiden, skrudde seg av og sletta alt me hadde gjort."

Og:

"På onsdagen kunne eg ikkje gjere noko, fordi datan min hadde ikkje fotostory, og dokumentet mitt fant eg ikkje, så eg måtte berre sitte der... Og datan min klikka med ein gang eg kom innpå fotostory, så eg blei irritert."

Ein lærer på same skule skriv og at:

"Elevane har likt godt å jobba med prosjektet, men tallause problem med Pc og programvare har sett tolmod på prøve hjå både elevar og lærarar. Men eg synest elevane har takla problema med imponerande ro."

Det er vanskeleg å sjå kva som er den viktigaste årsaka til dataproblema, sidan det er mange faktorar som spelar inn: kunnskapen hos lærarane, maskinparken på den einskilde skule, erfaringa blant elevane, informasjonen og rettleiinga frå *Kvitebjørnen-prosjektet* osv. Det er også slik at bruken av it-verktøy har fungert betre ved nokre skuler enn ved andre.

Blogginnlegga til elevane viser likevel at mange av dei har hatt ei fin oppleving av *Kvitebjørnen-prosjektet* dette året. Dei fleste innlegga er nokså beskrivande og refererer det dei ulike gruppene har gjort, men dei inneheld og kommentarar til arbeidet. Den vanlegaste kommentaren er "kjekt", noko er og "morosamt", medan noko er "keisamt". Det som fleire synest var keisamt, var skrivinga av manus og dreiebok, og skriving av innlegg til bloggen/loggen.

3.2.3 Pedagogisk opplegg, undervisningsmaterieil

Lærarane kjem med ulike tilbakemeldingar på opplegget og undervisningsmaterialet for skuleåret 2010-2011. Nokre av dei seier at tekstane fungerer godt i klassen og i møtet med elevane:

"Tekstane frå Gutar er både framande og gamaldagse for elevane (jmf. tid og stad) - men tema-tikken er aktuell, og elevane likar godt å bli lesne høgt for. Tekstane fungerer fint. "

”Elevane likar å bli lesne for, Løland-tekstane er "ukjente" (tid og stad), men engasjerande og gjenkjennelege med omsyn til personar, situasjonar.”

Det har samstundes bydd på nokre utfordringar at det no dreier seg om klassar på ungdomstrinnet. Det er tydelege krav til timetal, trefordeling og forankring i læreplan, og desse krava har vore følbare for nokre:

”I ungdomsskulen vil sjølvsagt alle faglærarar behalda sine timar og det er vanskelegare og få til eit samarbeid på tvers, også når dette kjem så tidleg i oppstarten av skuleåret som det gjorde (særleg kurset som var i byrjinga av september)”.

”Ikkje særleg kopla opp mot særskilde moment i læreplanen, men opp mot gjennomgåande moment.”

3.2.4 Oppsummering

Det verkar tydeleg at det har vore litt mindre motivert deltaking i *Kvitebjørnprosjektet* dette året, frå elevane si side. Dette inntrykket blir og bekrefta i samtalene med elevane sjølv. Det var utfordrande nokre stader å få dei til å fortelje om korleis dei hadde oppleve arbeidet med *Kvitebjørnen*. Det var mange av dei som og sat igjen med eit inntrykk av at problem med dataverktøyet hadde kome i vegen for ei god oppleving av prosjektet i år. Samstundes er det og ein skilde som var nøgde med opplegget.

Lærarane har ei vurdering som minner om den som elevane har. Dei fortel om datatekniske hinder som forseinka eller prega arbeidet. Nokre er og kritiske til organiseringa og opplegget slik det var utforma dette skuleåret, særleg når det gjeld dei tilpassingane som var naudsynte å gjere for den ein skilde læraren. Det er likevel ikkje alle problem som har med prosjektet og organiseringa av det å gjere. Nokre av utfordringane lærarane har møtt, har like mykje med innrettinga av skulekvardagen eller forankringa ved den ein skilde skule å gjere. Ein av lærarane skriv til dømes om kor viktig eit samarbeid med leiinga ved skulen er for eit vellukka prosjekt:

”På vår skule har leiinga vore heilt perifer og mest uinteressert. Alle prosjekt ein skule er med på, må ha ei god forankring i leiinga ved skulen slik at dei kan støtta og hjelpe nye lærarar som skal delta i prosjektet.”

Det er viktig å få fram at det og er ein god del positive omtalar av *Kvitebjørnen-prosjektet* i år, trass i dei nemnde problema. Som i dei førre åra set elevane stor pris på den variasjonen som det inneber å halde på med *Kvitebjørn-prosjektet*. Det er og ein del som meir enn gjerne fortel om plassen dei bur på, om forskjellen mellom før og nå, og om dei planane dei sjølv har for framtida. På sitt beste kan *Kvitebjørnen* vere eit prosjekt som gjer det lettare for elevane å sjå seg sjølv i forhold til både den staden dei bur på og den utviklinga dei er en del av. Det er samstundes ei utfordrande oppgåve å innrette prosjektet slik at det skjer.

3.3 Status mai 2012

3.3.1 Utgangspunkt

2010

I skuleåret 2010-2011 besøkte eg Sand og Sunnlyven skule i november 2010 og Vikedal skule i januar 2011. Dei elevane som tidlegare gjekk på Sandeid skule var då overført til ungdomstrinnet på Vikedal skule.

Lærarane har og blitt sendt spørsmål pr. e-post. I tillegg har eg fylgt med på bloggen til prosjektet og på utviklinga på nettsida kvitebjørnen.com. Eg har og sett på det tilgjengelege undervisningsmateriellet og tekstgrunnlaget til dei tre første åra.

Intervju

Intervjua har blitt lagt opp nokså likt både mellom skulane og i dei tre omgangane, sett bort frå nokre tilpassingar i forhold til temaet for *Kvitebjørnen* for dei tre åra. Det same vil og gjerast i det siste prosjektåret.

Utgangspunktet for intervjua har vore kva elevane synast om og kva dei tenkjer om prosjektet dei nylig hadde vore igjennom. Det har vore viktig å intervjuje elevane i direkte etterkant av det gjennomførte prosjektet, slik at inntrykka skal være så ferske som mogleg. Dei direkte spørsmåla til elevane har handla om kva som er bra, og kva som er mindre bra ved prosjektarbeidet, med plassen dei bur på, med ulike måtar å jobbe med skulearbeid på m.m. Eg har også forsøkt å få elevane til å seie noko både om eiga framtid og om framtida til heimplassen, for å komme inn på stadkjensle og lokal identitet – ei av målsettingane med *Kvitebjørnen-prosjektet*.

3.3.2 Inntrykk frå skuleåret 2011-2012

Som i tidlegare år har eg besøkt Sand og Sunnlyven skuler. Begge skulane vart besøkt i januar 2011. Dette skuleåret har eg ikkje besøkt Vikedal, av den grunn at skulen ikkje har gjennomført *Kvitebjørnen-prosjektet* i år. Det skuldast nokre utfordringar skulen har hatt, som har gjort at dei ikkje såg seg i stand til å prioritere prosjektet. Dei har samstundes uttrykt at dei gjerne ville ha vore med og syntes det var svært synd at dei ikkje fikk det til i år.

På grunn av at klassane no er gått over til ungdomstrinnet, var det nokre endringar i sammansettinga av elever. Samstundes var fleire av elevane frå dei tre føregåande åra med i dei nye klassane, slik at det er nokså stor kontinuitet i elevgruppene.

For Sunnlyven skule, som både har barne- og ungdomstrinn, var klassen den same som vart intervjuja i 2008, 2009 og 2010.

I tillegg til samtalar med dei to klassane og lærarar ved dei to skulene, har eg i år også sendt ut ei spørjeundersøking til alle dei lærarane og skulane som er med på *Kvitebjørnen-prosjektet*. Denne undersøkinga blei avslutta i mai 2012. Den var sendt ut til 10 skuler/lærarar, og eg mottok 6 svar, i tillegg til eit svar frå ein lærar om at dei ikkje hadde gjennomført prosjektet grunna eit dødsfall i elevgruppa.

At talet på lærarar som er kontakta, er lågare i år, skuldast blant anna at talet på skular som deltar, er lågare enn i tidlegare år. Etter informasjon på nettsida kvitebjørnen.com og aktivitet på bloggen å døme, ser det ut til at talet på deltakande skular dette året er så lågt som sju.

Lærarane

Spørjeundersøkinga var retta mot lærarane ved alle dei skulene som deltek i Kvitebjørnen. Gjennom verktøyet SurveyExact blei alle sendt ei epost-undersøking med følgjande spørsmål:

- Hva er ditt inntrykk av hvordan elevene arbeidet med Kvitebjørnen-prosjektet i år (2011-12)?
- Hva tror du de oppfattet som poenget med prosjektet i år?
- Virket elevene motivert til å delta i prosjektet?
- Hvordan synes du intensjonen med prosjektet i år har blitt presentert til lærerne?
- Hvordan har dette årets materiale (tekster m.m.) fra prosjektet fungert i undervisningen?
- Har det vært forskjeller i hvordan prosjektet har fungert i de fire årene dere har deltatt?
- Har du noen synspunkter på eller forslag til hva som eventuelt bør endres i prosjektets siste år?

Nokre hovudpunkt frå dei svara som lærarane ga:

- Lærarane gjev svært varierende svar på elevanes innsats i prosjektet. Dette gjeld også innanfor dei enkelte delemna. Ein lærar svarer til dømes "Svært godt" på spørsmålet om korleis elevane arbeidde, medan ein annan svarer "helt greitt". Vidare skriv ein om filosofidelen av prosjektet: "Lite engasjement omkring filosofidelen", medan ein annan skriv: "De jobbet bra, filosofi ble spennende".

- Dei same mønstra gjentek seg på spørsmålet om elevane sin motivasjon for prosjektet. Eit par av lærarane skriv at motivasjonen var god, til dømes: "Ja, så absolutt. Jamt over stor motivasjon". Samstundes skriv ein "varierte noe, det som var kjent ble fort kjedelig" og ein annan "no igjen/i år igjen" som ei beskriving av reaksjonane til elevane.

- Det er eit ope spørsmål om det er ein samanheng mellom motivasjonen til lærarane og elevane som deltar i prosjektet. Ein av lærarane skriv det følgjande om dette: "Kanskje motivasjonen ikkje har vore god nok frå vår side – "barnet" er helle ikkje vårt; me vaksne er vel heller ikkje topp motiverte".

- Lærarane er jamt over meir positive til korleis temaet for, og poenget med *Kvitebjørnen* vart presentert dette året. I fjor retta fleire av deltakarane kritikk mot at problemstillingar og spørsmål var uklare og vanskeleg å gjere om til konkret arbeid. I år er det meir positive svar, og samlinga i forkant blir til dømes omtala som motiverande og inspirerande.

Klassane

Ein av klassane var tydelege på at det var betre dette året enn førre året. Opplegget var kjekkare og friare, og det verka som dei filosofiske diskusjonane hadde engasjert elevane. Dei hadde snakka om ulike tema: er krig bra, kvifor er egg ovale, høna og egget. Når høna og egget blei nemnt, sette

klassen i gong med ein ny diskusjon av kva som kom først. I den andre klassen vart det sagt at det var vanskeleg å finna filosofiske spørsmål, at det var *vanskeleg å tenkje*.

Klassane blei spurt om to av dei viktige omgrepa dette året – filosofi og identitet. Det var tydeleg at det var langt enklare for elevane å forbinde noko med filosofiomgrepet enn med identitetsomgrepet. På spørsmål om kva filosofi var for noko, svara nokon til dømes: ”å stille spørsmål ein ikkje veit svaret på”.

3.3.3 Pedagogisk opplegg, undervisningsmaterieil

Lærarane kjem med ein skilde tilbakemeldingar på opplegget og undervisningsmateriellet for skuleåret 2011-2012. Dette er nokre av svara på spørsmålet om korleis materiellet har fungert dette året:

”Det var mykje å velja mellom slik at ein ikkje trengte å bruka krefter på å finna på noko sjølv. Men det kan henda at det då blei litt fragmentert når ein ikkje brukte alt materiellet, men berre eit lite utval”.

”Fungert bra. Alt som kan vere med på å sjølvstendigjere elevane og motivere elevane til å tenke gjennom forholdet mellom seg sjølv og kvardagen, er nyttig for all form for læringsarbeide”.

”Tekstane frå "Sofies verden" vart blanda motteke - kanskje noko vakse tankemateriale? Lølandtekstane er ok, men for gammaldagse til å engasjera.”

”Ideheftet var kjempebra. Kunne bruke mye av det helt konkret, sparte masse forberedelsestid jeg ellers måtte ha trengt til et slikt emne. Tekstutdraget fra "Gutar" fungerte ikke like godt. Tror enkelte elever syns det ble litt barnslig.”

Blant elevane ser ut til å være vanskeleg å skapa engasjement for både Løland og tekstane hans. Fleire seier at dei er lei av å høyre om Rasmus Løland, at dei er litt lei av forteljingane, og at tekstane er gamaldagse. Samstundes er det og nokre som seier at tekstane er både gamaldagsa og morosame eller spennande, sjølv om det kan vere vanskeleg å sjå samanhengen mellom dei enkelte tekstane og temaet for *Kvitebjørnenprosjektet* i det ein skilde året. Det gjeld til dømes samanhengen mellom forteljinga om *Nashornet* og temaet filosofi.

Det er ingen kommentarar eller innspel om bloggen til prosjektet, frå korkje elevar eller lærarar, med eit unntak. Ein lærar fortel om eit teknisk problem med bloggen:

”Vi kom ikke inn på bloggen! Kollegaen min kontaktet ledelsen for prosjektet, men vi kom ikke inn. Synd for vi hadde tatt bilder og ville gjerne publisert disse.”

Bloggen på kvitebjornen.com syner ulikt aktivitetsnivå og inspirasjonsnivå. Der det er skriva lengst og mest positivt, er det lærarane sjølv som har skriva. Elevane sine egne innlegg er ofte korte, beskrivande og nøkterne, av typen ”Me fekk to A4-ark som me skulle laga skissene på. Eg syntes det gjekk greitt”, eller ”I går så lærte vi om Sokrates. Me leste tekster og svarte kva personane hadde gjort galt/rett.” Samstundes er det gjennomgåande ganske positive ordelag frå elevane, og også i år er det mest brukte adjektivet ”kjekt” når prosjektet skal beskrivast: kjekt, litt kjekt, kjempekjekt osv.

3.3.4 Oppsummering

I oppsummeringa i rapporten for skuleåret 2010-2011 skreiv eg det følgjande:

Som i dei førre åra set elevane stor pris på den variasjonen som det inneber å halde på med *Kvitebjørnprosjektet*. Det er og ein del som meir enn gjerne fortel om plassen dei bur på, om forskjellen mellom før og nå, og om dei planane dei sjølv har for framtida. På sitt beste kan *Kvitebjørnen* vere eit prosjekt som gjer det lettare for elevane å sjå seg sjølv i forhold til både den staden dei bur på og den utviklinga dei er en del av. Det er samstundes ei utfordrande oppgåve å innrette prosjektet slik at det skjer.

Den beskrivinga er framleis gyldig. Samstundes blir det viktig at ein i det siste året klarar å sjå ei line i det som *Kvitebjørnenprosjektet* har dreidd seg om, som også ein av lærarane nemner som viktig for det siste året. Det bør vidare bli viktig å arbeide med samanhengen mellom tema og tekst, slik at denne kjem naturleg til synes. Det er også eit viktig poeng at det er ein samheng mellom motivasjonen til lærarane og motivasjonen til elevane. Kan hende ikkje særleg overraskande, synest det tydeleg at det er på skulene med dei mest engasjerte lærarane at ein finn dei mest vellukka prosjektvekene. Som tidlegare nemnt er formidlinga av formålet med prosjektet til lærarane særskilt viktig, og samlinga i forkant ser ut til å ha vore eit godt verkemiddel.

Eit eige moment som fleire av lærarane er opptekne av framfør det siste året, er at tiande klasse har eit stramt program og ein tett læreplan. Sjansane for eit vellukka prosjekt dette siste året vil klart auke dersom samanhengen med denne læreplanen er god.

Fleire av svara lærarane gav, er gode oppsummeringar av arbeidet med prosjektet, både i forhold til korleis det har vore, og av korleis det bør rettast inn det siste året. Eg let difor lærarane sjølv få dei siste orda i dette korte notatet:

”Eg synest at første året hadde eit utruleg bra opplegg som kan brukast av kven som helst når som helst utan førehandskunnskapar. Elevane lærte godt å fortelja. Andre året fungerte bra hos oss, men det var meir på tross av enn på grunn av eit godt opplegg. Det opplegget var svært diffust, men fordi eg hadde student med og foreldre fekk me elvane på sporet og fekk fram kreativiteten i dei. Tredje året hadde eit ambisiøst opplegg som blei svært dårleg formidla på kurset på førehand. Kurset i fotostory var veldig bra og det var kanskje grunnen til at me klarte å tilpassa prosjektet og få eit greitt resultat, men denne gongen også kanskje meir på tross enn på grunn av. Dette året bar preg av mange forslag, men virka kanskje litt meir fragmentert og ikkje like godt knytt opp mot Løland som dei tidlegare åra. Eg trur at det kanskje var ein nedtur for elevane å gå frå fotostory i fjor til ein enkel teknikk som collage i år. Men det var jo vårt val fordi me følte at me ikkje hadde kapasitet til noko meir avansert.”

”Eg har vore lærar i prosjektet dei 3 første åra. 1. året var opplegget konkret og godt, enkelt for læraren å nytte seg av. Dei to neste åra har det blitt stadig meir diffust. Eg håpar jo, som utviklar, at dette års prosjekt igjen vart konkret og tilgjengeleg.”

Om det siste året:

”Det er viktig at prosjektet er tydeleg forankra i Løland sitt univers. Det er vel lesing som skal vera metode siste året. Ein god Løland-tekst å jobba med på 10. trinn er På sjølvstyr. Det finst mange leseprosjekt i skulen og det er viktig at eit prosjekt som skal jobbast med i tiande klasse er tydeleg forankra i læreplanen og kan skli rett inn på pensumlista.”

”Det må vera konkret, tilgjengeleg, og overkommeleg for læraren. 10. klasse er eit år med mykje på programmet, så innhaldet bør knyttast til pensum (dersom det lar seg gjere) slik at det kan for-svarast i halvårsplanar etc. Det bør også leggast opp til at elevane skal sjå linjene gjennom det 5årige prosjektet. Kva har dei lært? Har dei ulike tema-åra hatt nokon samanheng? Kan dei ta noko av dette med seg i vegen vidare? Tid til dette bør bakast inn i opplegget, og aller helst mar-kerast med ei fin kvitebjørn-avslutning/markering i klassen/ på skulen. Framføring av noko slag?”

”Må være noe som er overkommelig uten masse utstyrbehov - i år fungerte det godt. Så lenge det er forankret i læreplanen kan det brukes, erfaringsmessig har 10.klasse veldig liten tid til pensum, så jeg ser ikke bort fra at perioden til Kvittebjørn kan bli komprimert.”

”Tekstutdrag må være relevant for aldersgruppen.”

4. Avsluttande undersøkingar 2013

Den siste runden med feltarbeid vart gjennomført i februar-mars 2013. Dette siste året skilde seg ut frå tidlegare år på eit par ulike måtar. Til skilnad frå dei førre åra vart det gjennomført ei spørjeundersøking i staden for intervju med dei utvalde klassane. Det vert òg sendt ut ei spørjeundersøking til alle lærarar som hadde vore med på prosjektet gjennom deler av, eller heile prosjektperioden. Spørsmåla som vart stilte dette siste året, var og av meir oppsummerande karakter og handla om ei vurdering av både det siste året og av heile prosjektet. Dette gjaldt både spørsmåla til elevane og lærarane.

4.1 Elevundersøkinga

Spørjeundersøkinga retta mot elevane vert send til to av dei tre skuleklassane som evalueringa har følgd gjennom prosjektet. Som tidlegare skrive, har ikkje den siste av dei tre klassane delteke i *Kvitebjørnen-prosjektet* i dei to siste åra, og det gjer diverre at me ikkje har kunna følgje alle tre klassane gjennom alle fem åra.

Elevundersøkinga innehaldt desse spørsmåla (svaralternativ er i parentes):

1. Er du gut eller jente?
2. Kva heiter skulen du går på?
3. I kor mange år har du vore med på Kvitebjørnen? (1 – 5 år)
4. Kva synest du om Kvitebjørnprosjektet i år? (1: Skikkelig bra, 2: Bra, 3: Passe, 4: Litt kjedeleg, 5: skikkeleg kjedeleg)
5. Kan du skrive nokre ord om kva de gjorde i Kvitebjørnen i år?
6. Her vil eg at du seier noko meir om kva du synest. Om du synest det var bra, skriv om kvifor. Om du synest det var passe eller dårleg, skriv om kvifor du synest det.
7. Kan du seie noko om kva som var ulikt med Kvitebjørnen i år samanlikna med tidlegare år?
8. Om du skulle lage ditt eige Kvitebjørnen-prosjekt for ein skuleklasse, kva ville du ha gjort?
9. Trur du arbeidet med Kvitebjørnen har fått deg til å tenkje nokre nye tankar? (Ja/Nei)
10. Viss ja, kva for tankar? Viss nei, kvifor ikkje?
11. Kva for planar har du for framtida? Kor trur du at du bur, og kva for jobb trur du at du har om 20 år?
12. Er det noko meir du har lyst til å si noko om - om Kvitebjørnen, plassen du bor eller om denne undersøkinga?

Undersøkinga vart sendt ut til dei to nemnde skuleklassene, ved hjelp av SurveyXact. Etter avtale med lærarane svarte elevane på undersøkinga i skuletida. Dermed fikk me sikra ein respektabel svarprosent. 40 elevar fekk tilgang på spørsmåla, og me fekk meir eller mindre fullstendige svar frå 33 av dei. Det gjer ein svarprosent på omlag 83%.

Kva er det så elevane seier i svara sine? Eg skal ta for meg dei viktigaste punkta i desse svara. For å sikre anonymitet har eg teke ut referansar til plassen elevane kjem frå. Eg har også retta på nokre skrive- og teiknsettingsfeil.

Blant dei som svara, var 17 gutar og 16 jenter. Omlag 10 av svara kom frå Sunnylvlen skule og rundt 20 frå Sand skule. Dei fleste av svara, 86%, kom frå elevar som hadde vore med på prosjektet i alle fem åra. Dei andre fordelte seg som denne figuren visar:




Fig. 2. I kor mange år har du vore med på Kvitbjørnen?

På spørsmål 4 blei elevane spurt, "Kva synest du om Kvitbjørnprosjektet i år?", og bedt om å gje ein karakter mellom 1 og 5, mellom "Skikkeleg bra" og "Skikkeleg kjedeleg". Svara fordelte seg slik:




Fig. 3. Kva synest du om Kvitbjørnenprosjektet i år?

Som me kan sjå, er det ikkje ein overvettas positiv elevmasse me møter i desse svara. Nokre av elevane har svart fleire gonger, difor sumerar ikkje svara til 100%. Uansett ser me at det store fleirtalet synest prosjektet det siste året var litt eller skikkeleg kjedeleg. Samstundes, som nokre av dei seinare spørsmåla viser, er det eit litt anna inntrykk ein får i dei meir opne svara.

På spørsmålet "Kan du skrive nokre ord om kva de gjorde i Kvitbjørnen i år?" kom det nokre særst korte, nokre meir inngåande, nokre seriøse og nokre flåsete svar. Det same gjeld for dei andre opne spørsmåla. Eg skal sitere svar frå alle kategoriane for å vise dette mangfaldet. Blant dei korte finn me til dømes: "Me laga ei undersøking". Blant dei flåsete finn me: "YOLO kjedli" og "Kjeda meg, eg er blind". På den andre sida finn me også svar som er både meir inngåande og seriøse. Eit godt døme på dette er svaret frå denne eleven:

"I år har vi forska på leselystene og lesevanane til ungdommen i bygdene i nærleiken av [stedet]. Bygdene vi undersøkte i, var [lokale bygder]. I tillegg spurte vi ungdommane på [stedet],

om deira sine lesevaner og leselyster. For å finne ut av dette, sendte vi ut spørjegranskingar. Som vi foresten brukte veldig lang tid på å utforme! Det var noko av det som gjorde det kjedeleg, sidan vi holdt på med samme greia over veldig lang tid. Vi venta eit par dagar, så kom spørjegranskingane tilbake. Det var då det store arbeidet byrja. Vi var delt opp i grupper, der kvar gruppe jobba med kvar sin ungdomsskule. Vi leste gjennom alle spørjegranskingane, og registrerte inn på Excel. Vi laga forskjellige diagram, for å framstille dataane vi hadde komt fram til. Når vi var ferdig med dette arbeidet, måtte vi skrive ein tekst til kvart av dei diagramma. Noko som tok ekstremt lang tid. Deretter, sette vi saman eit hefte av observasjonane våre, som vi leverte inn til lærar. I tillegg sendte vi det til folka i Kvitebjørnen, trur eg. Då vi trudde det var over, vart vi sett i gang med å lage ein presentasjon vi skulle framføre for læraren. Dette var også eit langdrygt arbeid, og det vart mange timar der vi måtte samlast og arbeide, etter skuletid."

Vidare vart elevane bedt om å seie noko meir om kva dei synest. Nokre av svara på dette spørsmålet var desse:

- Eg syns prosjektet var dårlig planlagt og måla var ikkje reelle til kva resultatet kunne bli. Det var ikkje noko spesielt bra med prosjektet og me har enda ikkje fått igjen karakteren på det. Sjølv om det er så lenge sidan at eg nesten har glemt ut kva me hadde om og kva me fant ut.
- Eg synest det var litt kjedeleg fordi det blei så mykje fokus på matte-delen. Det blei litt lita tid, så blei ein del stress.
- Eg synes det var passe bra, fordi eg begynn å bli litt lei av alle åra med kvitebjørn.
- Prosjektet var ganske drygt, og kjedeleg, då det var mykje matte med, som eigentleg ikkje hadde noko å gjere der. Heile greiene var litt rart. Eg veit ikkje heilt kva som var bra. Synes ikkje prosjektet var så bra .
- Eg syns det var heilt greit, men eg synes at resultatata blei ganske dårlege, og det tok ganske lang tid før eg sjøna oppgåva.
- Eg synest var kjedelig på grunn matten var ganske stressande, og laga diagram av alle dei arko me hadde.
- Dårlig, har aldri likt det.
- Det var greit nok, men litt kjedelig. Hovudgrunnen er nokk at eg heilt personleg ikkje er så interessert i lesing og bøker, og eg følar at dette prosjektet pressar det på meg som om det er obligatorisk å elske å lese bøker.
- eg synest det var litt kjedeli når eg gjekk i 5 -6kl men etter det blei det bare drøyt.
- Eg synest at det ikkje var så veldig kjekkt. Heile undersøkinga gjekk i surr. Og ingen på gruppa intereserte eller synest det var eit kjekt emne å jobba med.
- passe, eg synest det var passe fordi me har det i mange år, då blir det jo kjedeligt
- Eg syntes dette var eit ganske langdrygt, utfordrande og kjedeleg prosjekt. Læraren vår gjorde dette prosjektet veldig stort og krevande for oss, men med ei hensikt da. Det var jo ikkje berre kjedeleg, for vi fekk gjort noko vi aldri har gjort før, noko som var litt spanande.
- Eg synst årets prosjekt var passe. Eg tykjer det var for likt vanleg skulearbeid.
- Som sagt synest eg det var passe bra i år. Eg har ikkje noko dårleg erfaring frå dei tidlegare kvitebjørnprosjekta, så difor vart eg litt skuffa når eg såg kor mykje arbeid det vart og kor slitsamtog tidkrevjande det var. Som sagt trur eg vi la lista for høgt, stilte for mange spørsmål og rett og slett laga mykje arbeid utav dette. Ettersom eg har forstått har ikkje dei andre skulane gjort like mykje som oss, berre stilt 5 spm eller noko, medan vi stilte 14. Litt forskjell? japp. Men ellers var det ikkje så ille, det var kjekt å lære om statistikk osv. Eg fekk også ei bra gruppe som arbeida bra. Som sagt la vi mykje tid i arbeidet. To ettermiddagar

sat gruppa heime og arbeida, nesten 4 timar begge gongane. Det tok ekstreemt med tid. Det var det verste tykkjer eg.

- Kvitebjørnen i år, synest eg var ganske kjedeleg. Dette var fordi at kvitebjørnen har alltid vore eit prosjekt der vi har gjort litt meir spennande ting enn å berre sitte på pultane våre, og gjer lekser. Men i år var det ikkje noko forskjell i frå vanleg skule. Det var nesten slik at eg synest det var kjedelegare enn skule. Det einaste vi gjorde, var å sette saman den spørje-granskinga, og gjere arbeidet som kom etter den. Hadde det i det minste vore noko litt meir spennande enn leselest og lesevaner blant ungdom, hadde det nok vore mange gangar kjek-kare.
- Først vil eg seie at eg ser verdien av å ha ei slik spørjegransking. Det kan hjelpe til med å kartlegge leseområda, og vanene til ungdom, og vidare produsere litteratur som er både meir passande og interessant for ungdommen. Eg syntes eigentleg at prosjektet var ganske greit, men problemet mitt, og dei fleste av klassekameratane mine, var at vi rett og slett ikkje hadde interesse for temaet. Eg syntes det var bra fordi eg meiner sjølv at ungdommen i dag les altfor lite litteratur. Og som sagt kan ei slik gransking hjelpe til med å forbetre dette!
- Eg synest at dette prosjektet tok alt for mykje tid noko som gjere at eg mista motivasjonen og på slutten var det eit strev å i det heile tatt orke å skrive noko. Å legge saman alle resulta-ta var slitsamt sidan det var så mange og vi måtte gå igjennom spørsmål for spørsmål på alle besvarte undersøkingar. På slutten var gruppa veldig demotivert og vi kom seint i gong med det vi skulle gjere, noko som førte til stress på slutten som gjorde at resultatet ikkje blei så bra som det kunne blitt. Sjølv om det var slitsamt og kjedelig, har vi lært veldig mykje under dette prosjektet. Blant anna å vere nøyaktig i arbeidet, fordele arbeidsoppgåver jamt i grup-pa og lage oversiktlege søylediagram over resultatata.
- Det eg tykkjer er bra er at vi får eit lite avbrekk frå den vanlige skulen samtidig som vi får ein del læring ut av dette også. Vi går også djupare inn i visse tema slik at vi blir flinke i dei. Dette fører kanskje til at vi har ein stor fordel i forhold til andre elevar om noko liknande skulle oppstå litt seinare. Eit minus her er at det er ganske tidkrevjande og tar mykje krefter i frå oss. Vart litt slitsomt å sitte med hovudet klint inn i ein dataskjerm så mykje. Men ge-nerelt er det vel meir positivt enn negativt.
- Eg tykte det var bra fordi vi lærte noko og ikkje leika oss slik som dei andre åra. For vår store drøm er jo å lære ikkje ha det morosamt.

Spørsmål 7 ba elevane samanlikne årets *Kvitebjørnen* med tidlegare år: "Kan du seie noko om kva som var ulikt med Kvitebjørnen i år samanlikna med tidlegare år? Her utdjupa mange av elevane synspunkta frå dei tidlegare svara. Eit gjennomgåande trekk her var at fleire reagerte på at dei brukte matematiske verktøy i år. Ein skriv til dømes at han synest prosjektet har utvikla seg til å vere meir og meir teoretisk. Ein annan svarar slik:

Vi i klassa har som regel alltid gledd oss til Kvitebjørnen fordi (hvertfall dei aller første åra) fekk vi gjere så masse morosamt. Det første året når vi fortalde historier til kvarandre, fekk bruke fantasien osv var veldig kjekt. Eg huska vi gledde oss til neste år med kvitebjørn. I år vart det mykje meir "leksebasert" og "fagrelatert". Dei tidlegare åra har det mest vore ting som vi vanlegvis ikkje får gjere i skuletida, som å lage film, lage collagar og tenkje på framtida og laga morosame modellar. I år vart det plutsleg strengt og vi måtte jobbe og slite for å hol-de tidsfrister osv. Det var annleis i år, ja!!

På spørsmål 8 fekk elevane fylgjande utfordring: "Om du skulle lage ditt eige Kvitebjørnen-prosjekt for ein skuleklasse, kva ville du ha gjort?"

Her kom mange av elevane med kommentarar som var i tråd med svara på dei førre spørsmåla. Nokre haltd seg på den useriøse sida ("Its not my job fool") og nokre fann glede i einstava kjønnsrelaterte omgrep. Atter andre svara at dei ville ha gjort noko som var kjekkare, utan å spesifisere dette nærare. Fleire ynskja seg attende til tidlegare år, der dei anten fortalde lygehistorier eller laga film. Det var også nokon som gjerne såg at elevane sjølve kunne ha fått større fridom til å utvikle arbeidet, og at tilhøvet til vanleg skulearbeid vart for tett:

Eg ville laga eit prosjekt som ikkje involverte skulefag i like stor grad som det har gjort desse åra. Då har elevane noko å jobbe med som skillar seg litt ut, og dei gledar seg kanskje meir til å jobbe med prosjektet når dei får gjere noko som ikkje er så likt det dei ellers gjer på skulen.

På spørsmålet "Trur du arbeidet med Kvitebjørnen har fått deg til å tenkje nokre nye tankar?", fordelte svara seg slik:




Fig. 4. Trur du arbeidet med Kvitebjørnen har fått deg til å tenkje nokre nye tankar?

Dette var openbart eit vanskeleg spørsmål for elevane, og det var også meint som eit forsøk på å sjå på elevane si evne til å reflektere sjølvstendig om prosjektet. Oppfølgingsspørsmålet var: "Viss ja, kva for tankar? Viss nei, kvifor ikkje?" I tråd med svara på førre spørsmål, er det mange som gjentek at dei ikkje har tenkt noko nytt eller på nye måtar. Det er samstundes nokre som seier til dømes at "Eg har tenkt mer på korleis folk hadde det tidlegare". Andre svar: "Årets kvitebjørnprosjekt har fått meg til å tenke meir på mine egne lesevanar og på kva litteratur eg les. Dei andre åra har fått meg til å tenkje meir på kven eg er og korleis eg har forandra meg." Ein svarer med eit glimt i auget: "Det har fått meg til å tenke at eg ikkje skal jobbe i SSB".

Eit av dei avsluttande spørsmåla følgde opp det som var eit av tema for samtale med klassane gjennom heile prosjektet: "Kva for planar har du for framtida? Kor trur du at du bur, og kva for jobb trur du at du har om 20 år?" Som venteleg variera svara omlag som dei gjorde i samtale med klassane. Det følgjande er i stikkordsform kva nokre av elevane svarte på spørsmålet:

Yrke: m.a. fengselsbetjent, lege, jobbar i butikk, tannlege, mediegrafikar, jordmor, kirurg, på oljeplattform, kaptein, skipslektrikar, ambulansarbeider, bonde, anleggsmaskinførar.

Bostad: m.a. heimbygda, Bergen, Stavanger, Oslo, heime hjå mor mi, ein by, "ein plass nærare sivilisasjonen" m.m.

Sjølv om ikkje dette er ei undersøking som tar mål av seg å undersøkje kva for tankar tiendeklassingar har om framtida, er det interessant å sjå kor dei ser seg sjølve i høve til heimbygda si. Som i dei tidlegare samtale følgjer elevane sine tankar om dette nokre forventa mønster. Gutane ser for seg typiske mannfolk yrke, gjerne der det òg er høve til å tjene gode pengar. Jentene fokuserer i langt større grad på utdanning, på kreative yrke og omsorgsyrke. Felles for både kjønn og alle klassane er samstundes ein klare tanke om at både utdanning og jobb krev at ein flyttar vekk frå heimbygda. Nokre vil flytte ut for å kome attende etter nokre år, andre har ingen openberre planar om å returnere til heimstaden.

Det siste spørsmålet i elevundersøkinga var svært opent: "Er det noko meir du har lyst til å seie noko om - om Kvitebjørnen, plassen du bor eller om denne undersøkinga?". Her var det altså høve til å kommentere både spørsmåla dei akkurat hadde vore igjennom, det femårige prosjektet dei hadde vore igjennom, og eigen heimstad. Som venteleg er det mykje ulikt blant svara her. Mange har ingenting å leggje til; nokre ynskjer å gjenta at dei synes alt var keisamt, til dømes på dette viset: "plassen er ein dritt plass, denne undersøkinga var waste of time og kvitebjørnen bør vurderer å ha kjekkere prosjekt". Ein annan elev samlar synspunkta sine slik:

Eg er glad for at vi har hatt Kvitebjørnen alle desse åra, for til tross for at det har vore kjedelig til tider, har eg lært en del som eg kjem til å få nytte av seinare. Når det gjeld plassen eg bor på, har vi fått ny ordførar som har ført til at vi ikkje får nye ting i bygda sidan han må rydde opp i alle dei økonomiske problema som den forrige ordføraren forårsaka. Men det nye ordføraren, er den beste vi har hatt på lenge sidan han faktisk prøver å få økonomien i kommuna på fote igjen, og ikkje bruker pengar på unødvendige ting!

(Nokre av elevane sa òg tydeleg i frå om at dei var særskuffa over at evaluatoren, underteikna, ikkje kom på besøk det siste året. Ein skriv til dømes: "Det eg er skuffa over er at du ikkje kom på besøk til oss i år! Det var alltid høgdepunktet med Kvitebjørnen, men i år skuffa du oss virkeleg!". Det er på sida av tema for denne rapporten, men det ein mogelegvis kan trekkje ut av desse svara, er at besøk utanfrå kan verke motiverande.)

4.2 Lærarundersøkinga

Dette siste året vart altså spørjeundersøkinga til lærarane sendt ut til alle lærarar ved alle skulane som har vore med på prosjektet i løpet av prosjektperioden. Dette inkluderte dermed både skular som har falle ifrå sidan prosjektstart, og skular som har vore med heile vegen. Undersøkinga vart sendt ut til personlege epostadresser til lærarar registrert som deltakarar i prosjektet. Samla vart undersøkinga sendt ut til 31 lærarar. Me fekk svar frå 16, altså ein svarprosent på omlag 50.

Lærarane fekk desse spørsmåla i undersøkinga:

1. Kva for ein skule arbeider du på? (16 svaralternativ)
2. Kva for skuleår har din skule vore med på Kvitebjørnen? (5 svaralternativ, fleire svar mogleg)
3. I det store og det heile; korleis vurderer du Kvitebjørnen-prosjektet?
4. Korleis synest du ideen med prosjektet har blitt formidla til lærarane?
5. Korleis har materialet (tekster m.m.) frå prosjektet fungert i undervisninga?
6. Har det vore forskjellar i korleis prosjektet har fungert i dei åra de har delteke?
7. Kva har fungert best i Kvitebjørnen?
8. Kva har fungert dårlegast i Kvitebjørnen-prosjektet?
9. Kvitebjørnen-prosjektet har hatt fleire mål. Hovudmålet er dette: "Å lære å forstå sitt eige lokalsamfunn og dei kvalitetane som finst der, å gjera elevane stolte av staden dei kjem frå og la dei aktivt kunne ta del i og påverka utviklinga vidare." I di meining: Har prosjektet bidrege til å oppnå dette målet?
10. Om du skulle gje prosjektet som heilskap ein karakter? 6 er det beste. (Alternativ: 1 – 6).
11. Nokre avsluttande kommentarar?

For å vise variasjonen og heilskapen i svara frå lærarane, er alle svara teke inn i eit eige vedlegg til slutt i rapporten. Her skal eg kommentere nokre av dei viktigaste punkta i det lærarane skriv.

Vurdering av prosjektet som heilskap

Når lærarane vart bedne om å vurdere prosjektet som heilskap, var tilbakemeldingane av fleire valørar, som vi skal kome attende til fleire gonger. Nokre synest at prosjektet var "spennande", og at det var gjennomgåande gode undervisningsopplegg undervegs. Andre synest at det var eit bra fokus på nynorsken, og synest prosjektet i det heile var flott. På den andre sida var det ein del kritiske røster, særleg til omfanget av prosjektet. Fleire meinte at nett det at det gjekk over så lang tid som fem år, gjorde at det vart utfordrande å halde på entusiasme og engasjement, både hos elevar og lærarar. Ein lærar samlar si vurdering slik: "Jeg er ikke sikker på om sammenhengen mellom formålet med kvitebjørnen og opplegga er helt forstått av elevene, men som pedagogiske enkeltstående opplegg, medfører de mange muligheter for læring."

Lærarane er vane med å gje karakterar, og dei vart utfordra på å gje *Kvitebjørnenprosjektet* som heilskap ein karakter mellom 1 og 6. Svara fordelte seg slik:




Fig. 5. Om du skulle gje prosjektet som heilskap ein karakter?

Som vi ser, er det ingen botn- og ingen toppkarakterar – dei samlar seg som dei ofte gjer kring fire. Snittkarakteren her blir òg nøyaktig 4, ein slags midt på treet-karakter.

Formidling av mål, bruk av materiell

Lærarane vart vidare bedne om å vurdere kommunikasjonen med prosjektet, undervisningsmateriellet m.m. Her var det gjennomgåande positive svar, og mange syntest det var tildels særst gode undervisningsopplegg enkelte av åra. Motivasjonssamlingane får òg god omtale. Innanfor same tema er det samstundes ein del kritiske merknader til ein hovudkategori i undervisningsmateriellet – tekstane til Løland. Ein seier til dømes at årets tekst [2012] aldri skulle ha vore lest for elevane. Ein annan: "Lølandtekstane fungerte dårlegare for kvart år, og i 10. kl kutta me dei ut. (...)elevane er grundig lei av Løland nå". Eg kjem attende til dette i den avsluttande bolken i rapporten.

Kva har fungert bra, kva har ikkje fungert bra?

På spørsmåla om kva som har fungert bra, og kva som ikkje har fungert bra, finn me att ein del av dei same momenta som i dei innleiande svara. Det som blir vurdert som bra, er undervisningsopp-
legga, mellom anna for filosofi-temaet, informasjonen frå prosjektleinga og opplegga for å disku-
tere/planlegge framtida for dei einskilde lokalsamfunna. Det som vart vurdert som dårleg eller
mindre bra, var mellom anna problem med å halde på kontinuiteten, mangel på tid, forankring
lokalt, at prosjektet gjekk over lang tid, i tillegg til den nemnde koplinga til Løland sine tekstar.

Hovudmål

Eit sentralt men vanskeleg spørsmål som lærarane fekk, var altså om dei vurderte at prosjektet
hadde bidrege til å hovudmålet sitt. Målet vart sitert slik: "Å læra å forstå sitt eige lokalsamfunn
og dei kvalitetane som finst der, å gjera elevane stolte av staden dei kjem frå og la dei aktivt kunne
ta del i og påverka utviklinga vidare." Som for andre spørsmål var svara delte her. Nokre er posi-
tive eller nølande positive, og seier til dømes "ja", eller "ja, dei første åra". Andre synest det er
vanskeleg å vurdere, mens nokre på den andre sida tvilar på om prosjektet har bidrege til å nå sitt
eige mål. Dei seier "i liten grad", "ikkje så mykje" o.a.

5. Konklusjonar og sluttord

Dette avsluttande kapittelet samlar det eg vurderer som nokre hovudpunkt frå følgjeevalueringa gjennom fem år. Her vert desse presentert som kulepunkt. Nokre av desse er henta frå dei refleksjonane som er gjort undervegs i dei tre statusrapportane, og det finnst meir utfyllande diskusjonar rundt desse punkta i kapittel 3. Til slutt i dette kapittelet kjem nokre korte tankar om kva lærdom ein kan trekkje ut av erfaringa med *Kvitebjørnen* gjennom desse fem åra.

5.1 Utvalde hovudpunkt

- *Kvitebjørnen* lar seg vanskeleg samle under ein eintydig konklusjon. Det skuldast blant anna kor omfangsrikt og langvarig prosjektet har vore. Konklusjonane ber dermed preg av eit visst tvisyn. Sagt med to av dei mest brukte omgrepa frå elevane sjølve, har det vore både kjekt og keisamt. Det har innehalde gode diskusjonar og bevisstgjerung, samstundes som det har innehalde frustrasjon og uvisse.
- Eit omgrep som samlar mange av inntrykka frå *Kvitebjørnen* er *variasjon*. Det har vore til dels stor variasjon i skulanes deltaking, i aktivitetsnivåa, i svara frå elevane og lærarane osb. Blant dei tre klassane som vart følgd særskild, var det ein klasse som utmerka seg med høgt aktivitets- og refleksjonsnivå.
- Prosjektet *Kvitebjørnen* er på fleire måtar eit ambisiøst prosjekt. For det fyrste er det eit ambisiøst prosjekt i *tid*. Det skil seg ut gjennom hovudideen om å følgje dei same klassane over fem år, og gjennom at det pedagogiske opplegget følgjer elevanes eiga utvikling. Det er òg eit ambisiøst prosjekt i høve til måla. Prosjektet er omtala slik: ”eit kulturelt danningssjorsjekt der me nyttar ei samfunnsorientert tilnærming til Løland sin litteratur”. Hovudmålet er beskrive slik: ”Å læra å forstå sitt eige lokalsamfunn og dei kvalitetane som finst der, å gjera elevane stolte av staden dei kjem frå og la dei aktivt kunne ta del i og påverka utviklinga vidare”. Prosjektet skal være tverrfagleg og knytte saman konkrete tekster, forståing for lokalmiljø, og fremje ”refleksjonar og haldningar”. Det er samstundes eit nynorskprosjekt, sjølv om dette perspektivet er tona litt ned.
- Det har vore ei utfordring for prosjektet å knyte samanhengar mellom konkrete tekster frå Rasmus Løland, ulike pedagogiske tradisjonar og synspunkt (dramapedagogikk, innovasjon i skulen, filosofi i skulen m.m.) og tilhøvet til elevanes lokalmiljø. Prosjektet forsøker å dekkje ei rekkje felt, og har difor hatt ei permanent utfordring med sprikande målsettingar.
- Det har vore viktig for *Kvitebjørnen* å spisse målsettingane – gjøere eit tydelegare val mellom å være eit prosjekt som skal gjere Løland relevant for barn og unge i dag (”ei samfunnsorientert tilnærming til Løland sin litteratur”), og eit prosjekt som skal utvikle ungane sitt forhold til staden dei bur på (”å læra å forstå sitt eige lokalsamfunn og dei kvalitetane som finst der”). Prosjektet har i mi vurdering ikkje gjort eit tydeleg nok val her.
- Elevane har til tider sett stor pris på den variasjonen som det innebar å halde på med *Kvitebjørnprosjektet*. På sitt beste har *Kvitebjørnen* vore eit prosjekt som gjer det lettare for

elevane å sjå seg sjølv i forhold til både den staden dei bur på og den utviklinga dei er ein del av. På den motsette sida er det òg ein del elevar som fortel om ein tydeleg Løyland-trøytte dei to-tre siste åra, og det same fortel nokre av lærarane. Mykje tyder på at prosjektet sin store ambisjon og store omfang til tider har verka mot si hensikt.

- Det har vore varierende forankring i leiinga ved den einskilde skule.
- Det har vore ein samanheng mellom motivasjonen til lærarane og motivasjonen til elevane. Kan hende ikkje særleg overraskande, synest det tydeleg at det er på skulane med dei mest engasjerte lærarane at ein finn dei mest vellukka prosjektvekene. Formidlinga av formålet med prosjektet til lærarane har vore særst viktig, og samlinga i forkant ser ut til å ha vore eit godt verkemiddel.
- Det mest problematiske å halde ved like undervegs i prosjektet har vore aktiviteten på bloggen. Aktiviteten har vore låg til tider, og fleire av elevane uttrykte at dette var noko av det mest keisame ved prosjektet. For det siste året var det til dømes pr. april 2013 berre fem av skulane som hadde skrive inn om aktivitetane dette siste året.
- Det pedagogiske opplegget har vore variert og etter alt å døme av god kvalitet. Mange av lærarane er fornøgde med dei ulike opplegga, men det er tydeleg at nokre av dei har vore meir vellukka enn andre.

5.2 Alt i alt? Kva for lærdom kan ein trekkje av dette?

Å samle inntrykk og lærdom etter eit femårig prosjekt er ei utfordring. På tampen av arbeidet med evalueringa ser eg at ein god del av inntrykka frå tidlegare år har blitt stadfesta. Det gjeld mellom anna prosjektet sine store ambisjonar og tilhøyrande fallhøgde. Det gjeld òg utfordringane med å halde oppe ein kontinuitet og eit engasjement hjå både elevar og lærarar over fem år.

Om ein ser prosjektet i eit større bilete, har ein her kopla pedagogiske mål med mål som på mange vis er språkpolitiske og distriktpolitiske. Det har vore ein tydeleg tanke at *Kvitebjørnen* skal bidra til å lyfte medvitet om både eigen heimstad og eige språk. Det har òg vore eit ynskje å gje nytt liv og merksemd til ein på mange vis gløymd barnebokpioner. Dette har vore samla under ein prosjektparaply, som sidan har vorte integrert i undervisning og læreplanar på to skulenivå og fem klassetrinn. Det er dei pedagogiske måla det truleg er lettast å nå og lettast å sjå verknadene av. Det er ei større utfordring å sjå i kor stor monn ein har klart å innverka på elevanes medvit om både lokalmiljø, nynorsk og Rasmus Løland. Utfordringa gjeld både med tanke på å skulle innverka på elevanes tankar om desse tinga, og når det gjeld om ein har moglegheit til å måle eventuelle verknader. Kan hende fins det nokre meir langsiktige effektar som ikkje dette evalueringsprosjektet har klart å avdekke.

På mange vis har akilleshælen til prosjektet vore tekstane til Rasmus Løland. Desse tekstane utgjer sjølve utgangspunktet for prosjektet, og er sjølvstøtt òg det som forankrar *Kvitebjørnen* til den overgripande Rasmus Løland-markeringa. Samstundes dreier *Kvitebjørnen* seg om noko langt meir enn Løland sine forteljingar, og nett dette "noko meir", som til tider ser ut til å vore vellukka, har òg bidrege til å fjerne prosjektet frå utgangspunktet. For prosjektet sin del har ikkje dette nødvendigvis vore nokon ulempe, men det syner eit ibuande paradoks i prosjektet: *Kvitebjørnen*

som prosjekt hadde kan hende klart seg minst like godt utan Rasmus Løland. Dei temaa som er satt opp for dei fem prosjektåra, er gode, generelle tema, som verkar tilpassa dei ulike aldersgruppene mellom 6. og 10. klasse. Det har samstundes vore ei utfordring, særleg for elevane, men og for nokre av lærarane, å sjå samanhengen mellom dei utvalde tekstane og dei einskilde tema.

Epilog: Kvitebjørnen og Rasmus Løland-markeringa

Fleire av desse overordna punktane er etter alt å døme òg relevante med tanke på det større prosjektet som *Kvitebjørnen* har vore ein del av. *Kvitebjørnen* har vore ein integrert del av markeringa og vert mellom anna i sluttrapporten omtala som eit vellukka prosjekt. Sjølv om Løland-markeringa har handla om noko langt meir enn *Kvitebjørnen*, finst det eit viktig fellestrekk i fokuset på Løland. Både det vesle og det store prosjektet inneber at ein må stille seg spørsmåla om korleis ein best kan nytta ein forfattar og eit jubileum – på kva måte og med kva for eit føremål.

Sett utanfrå trur eg at fleire av utfordringane for *Kvitebjørnen* i liten skala kan ha vore utfordringar for Rasmus Løland-markeringa i stor skala. Eg skal slutte av med nokre korte kommentarar til hovudmarkeringa og til korleis denne har vorte evaluert.

Den femårige markeringa, med eit totalbudsjett på meir enn 11 millionar kroner, sette seg òg sær høge mål. Stiftinga bak markeringa formulerte tidleg dei følgjande hovudmåla:

1. Involvera minst 50 000 skuleelevar i ulike prosjekt kring Rasmus Løland i 2007, og minst 100 000 skuleelevar i 2011.
2. 2000 vaksne i barnehage, skule, kulturskule og bibliotek skal gi fleire barn og unge informasjon om Rasmus Løland og arbeidet hans. Dette skal gi dei unge grunnlag for å skapa nye kunst- og kulturuttrykk.
3. Ha minst 25 000 gjester på ulike arrangement i 2007 og minst 50 000 i 2011.
4. Alle barnehagar i landet får tilbod om å vera med i formidlingsprosjekt som byggjer på trua på lokale verdiar og å skapa utifrå desse.
5. Gjennomføra lesestafettar mellom 50 skular. Dette kan opna for større interesse for lesing og skriving mellom dei unge, særleg gutar.
6. Utvikla Løland-miljøa i Asker og Suldal slik at dei kan bli ei viktig inspirasjonskjelde for utvikling av det beste i norsk barnekultur.
7. Gjennomføra eit femårig dramaprojekt i samarbeid med Den kulturelle skulesekken som tek utgangspunkt i Rasmus Løland si fantasiverd.
8. Invitera minst 1000 unge til årlege skrivekurs i tida 2007-2011.
9. Få fram inntil ti forfattarar som debuterer med barne- eller ungdomsbøker på nynorsk innan utgangen av 2011.
10. Stimulera til dokumentasjon og forskning som gir ny innsikt i barns vilkår og situasjonen for nynorsk skriftkultur.

Ei særleg viktig sak har òg vore arbeidet fram mot eit Rasmus Løland-senter; eit senter for nynorsk barnekultur.

Rasmus Løland-markeringa 2007-2011 vart evaluert med ein rapport i 2012 (Langeland 2012³). Denne rapporten skildrar utgangspunktet for, og gjennomføringa av markeringa. Han går òg igjennom dei ulike tiltaka og resultatata i høve til dei måla som opphavleg vart satt opp. Her konkluderer rapporten mellom anna slik: "For Løland-markeringa har faktisk klart å gjennomføra dei fleste av tiltaka som er lista opp i det ambisiøse forprosjektet, og så har ein fått Diktarvegen, Løland-ferja og ei bokhylle på Ropeid som synlege resultat av ei undrande og skapande Løland-markering" (Langeland 2012:49).

Om ein ser på gjennomgangen av dei faktiske tiltaka og resultatata, er ein slik konklusjon særskild overraskande. Sjølv om det heilt sikkert er gjort ein stor og god innsats i denne markeringa, og sjølv om det finnast ei heil rad gode resultat, er det vanskeleg å sjå at nokon av desse hovudmåla er oppnådd, slik eg les rapporten. Eit mogeleg unntak er det for det tiande punktet, som er vanskeleg målbart. Kvifor så få av måla synest oppnådd, får vi ikkje vite så mykje om.

Til dette er det særskild viktig å understreke: Poenget her er *ikkje* å devaluera det som er gjort innanfor rammene til markeringa, men å peka på eit problem når slike prosjekt skal vurderast. Om ein skal vurderast eit prosjekt, bør ein ikkje samstundes skrive seg inn i prosjektet si gode hensikt. Evalueringa av Rasmus Løland-markeringa gjer, slik eg kan sjå, nett det siste. I den finn me mellom anna ein rapport med preg av begeistring, ei underrapportering av høgst reelle utfordringar og ei særskild tydeleg stillingstaking til prosjektet og til korleis det har blitt motteke. Dersom det verkeleg er slik at måla i Løland-markeringa har vore vanskeleg å nå, er det viktig å få vite kva grunnen til dette er. I dette ligg det ein sentral lærdom som er viktig både for Løland-markeringa og dei ulike delane av den. Vidare er dette og særskild relevant for andre markeringar og jubilé. Noreg er eit land med mange kunstnar- og forfattarjubilé, og det er eit kulturpolitisk viktig spørsmål korleis slike bør gjennomførast for å gje mest tenleg utbytte.

Ambisjonen til denne evalueringa har vore å vurdere måla i seg sjølve, verktøya for å nå desse måla, moglegheita til å nå dei, samt vurdere (så langt som råd) kor langt ein har kome i høve til måla. Ei førsøksvis uavhengig vurdering er tenleg og utviklande. Ein solid og uavhengig kritikk kan bidra til forbetring av alle former for prosjekt.

³ Åse Elin Langeland (2012): *Undrande og skapande. Rasmus Løland-markeringa 2007-2011. Sluttrapport 2012*. [URL: http://www.nashornet.no/doc/dokument/1%C3%B8landmarkeinga_sluttrapport_net.pdf]

6. Vedlegg

6.1 Rettleiande intervjuguide for skuleklassane, 2008-2012

Til alle samtale med skuleklassane tok eg utgangspunkt i ei fast liste med spørsmål. Denne vart tilpassa det temaet som gjaldt for *Kvitebjørnen* dei ulike åra og var ei rettleiande liste. Det betyr at ikkje alle spørsmåla vart stilte kvar gong, og at rekkefølge og utval av spørsmål vart tilpassa kvar einskild samtale.

Innledende spørsmål

- Hvordan var det å holde på med Lølandprosjektet i år? Var det annerledes enn hva dere ellers gjør på skolen?
- Var det annerledes enn det har vært de to første årene
- Hva var det beste? Var det noe som ikke var så bra?
- Var det lette eller vanskelige oppgaver dere fikk å gjøre?
- Hvem var Rasmus Løland?

Årets tema

- Kan noen fortelle hva novella [novelletittel] handlet om?
- Dere har jobbet med [årets tema] – kan noen fortelle meg hva det er for noe?
- Hvordan jobbet dere med dette temaet?
- Er det noen som snakket mer enn de ellers hadde gjort med besteforeldrene sine pga prosjektet?
- Hva er den største forskjellen på besteforeldrene deres og dere?
- Hva er det som er mest forskjellig fra når besteforeldrene deres gikk på skolen?
- Er forandringene som har kommet siden da bra eller dårlige?
- Har dere tenkt litt annerledes etter å ha jobbet med *Kvitebjørnen*?

Lokal tilknytning

- Hvor kommer dere fra?
- Hvorfor tror dere det bor folk her?
- Hva er det som er typisk for det stedet dere bor?

- Er det annerledes å bo andre steder? Hva tror dere er forskjellig?
- Hva er det som er bra med stedet dere bor?
- Er det noe som ikke er så bra? Hva burde man gjort med det?
- Hvor tror dere at dere bor når dere er voksne? Jobber med?


Avsluttende spørsmål

- Fortalte dere hjemme om hva dere holdt på med?
- Fikk noen lyst til å lære mer/fortsette å jobbe på den måten?


6.2 Svar på lærerundersøkinga 2013

Det følgjande er alle svara på lærerundersøkinga som vart gjennomført på nyåret 2013. Svara presenterast uredigert, med unntak av nokre skrive- og tastefeil. Undersøkinga vert nærmare beskrevet i kapittel 4.

Kva for ein skule arbeider du på?



Kva for skuleår har din skule vore med på Kvitebjørnen?



I det store og det heile; korleis vurderar du Kvitebjørnen-prosjektet?

- Jeg synes det var spennende den tida vi fikk lov til å være med. Mange fine praktiske innspill i skolehverdagen.
- Det gikk veldig bra de tre første årene. Men reisa ble for lang, derfor var det ikke noen som møtte fra oss.
- Artig ide, krev mykje (alt for) av lærar mot tilretteleggjing, lesing av tekstar, omarbeiding av tekstar og opplegg for å få det til å passa inn. For omfattande over tid. Urimeleg å leggja eit prosjekt over to ulike skulesteg. Ein lærar gjer på den måten avtale på vegne av ein uvitande annan norsklærar, som kanskje har heilt andre planar og fokusområde. Nye rektorar kjem og går også, så den lokale forankringa og prosjektstyringa har vore så som så
- Flott prosjekt Praktiske og gode idear god hjelp undervegs
- Positivt fokus på nynorsk. Gode opplegg, dei åra me har vore med. At opplegget går over så mange år, gjer det vanskeleg å gjennomføra alt. Sidan klassane byterar lærarar og går frå barnesteg til ungdomsteg er det ikkje så lett å halde entusiasma oppe.
- God ide, men prosjektet gjekk over for mange år. Det er nye klassar og lærarar etter mellomtrinnet. Ikkje alle elevar har vore med heile tida, og nye lærarar har ikkje sjølv valgt dette eller blitt motiverte frå starten. Så for oss har dette blitt slitsomt å følgje opp.
- Spennende opplegg og en ny plattform å jobbe på. Kjekt at det inkluderer tverrfaglig arbeid.
- Eg synest det har vore vellukka alle åra bortsett frå det siste året. Særleg synest eg første og tredje året fungerte godt.
- Interessant, men kanskje litt langvarig. Elevane i 10. klasse var litt lei.
- Prosjektet var bra og lærerikt, men det er 3 år sidan eg arbeida med det. Vanskeleg å gi ein grundig tilbakemelding då.
- Jeg er ikke sikker på om sammenhengen mellom formålet med kvitebjørnen og opplegga er helt forstått av elevene, men som pedagogiske enkeltstående opplegg, medfører de mange muligheter for læring.

- Synest det var eit kjekt prosjekt å vere med på. Gode tips til gjennomføring og idear som eg har brukt seinare også. Elevane likte godt dei oppgåvene vi hadde.
- Greitt nok. Overtok klasse som hadde begynt. Me tilpassa prosjektet til eigne idear og fekk greie resultat.
- Interessant prosjekt og kjekke arbeidsmetodar.

Korleis synest du ideen med prosjektet har blitt formidla til lærarane?

- Det var godt formidlet.
- Sikkert bra, men samlingane har vore på tidspunkt som har passa dårleg for mitt vedkomande. Skriftleg info i ettertid har vore bra. Eg har fått prosjektet i fanget og har ikkje eigarskap til det sjølv. Det er eit stort minus.
- Veldig bra, gode kurs med kurshaldarar som hadde praktisert det dei la fram.
- Kjekke og motiverande inspirasjonssamlingar.
- Flott start! Svært oppglødde lærarar etter første samling, mindre entusiasme etter 2.gong.
- Jeg har ikke hatt anledning til å være med på kurs, men synes jeg har fått god hjelp av og veiledning gjennom notater og ikke minst av Astrid E. Hjelmeland.
- Eg veit ikkje om eg skjønar spørsmålet. Dersom det meinest heile kvitebjørnprosjektet, fekk eg det formidla rett frå initiativtakarane og blei fort oppglødd, men det var vanskeleg å overtyda leiinga ved skulen. Mi rolle har på ein måte vore omvendt. Eg har gløda for prosjektet og halde oppe trua på det heile tida sjølv om eg syntest elevane mista trua på det, særleg dette året.
- Bra.
- Det var ein grei formidling.
- Bra. Kan bare svare for de tre siste årene. Bra med morivasjonssamlinger før oppleggene.
- Var med på samlingar der vi fekk god innføring i prosjektet
- Greitt. Men fokus på Løland sine forteljingar blei for stort. Som ein elev i 10. kl sa: Fekk dårlege vibrasjonar pga Kvitebjørnen-namnet, men prosjektet var kjekt.
- Den var god.

Korleis har materialet (tekster m.m.) frå prosjektet fungert i undervisninga?

- Jeg var veldig fornøyd med materialet og det fungerte godt i undervisningen.
- Det fungerte veldig bra. Elevene likte det.
- Vanskeleg tilgjengelege, til dels utdaterte på tematisk innhald har gjort at det har vore mykje arbeid i forkant for å klårgjera, event. finna andre tekstar som høver for å forklara Løland sine. Dei har ikkje engasjert slik dei kanskje gjer i nærområda til Løland. Me ser det i samband med Haugetekstar som "våre" ungar har innunder huden, medan andre ikkje har same tilhøvet til tekstane.

- Etter som eg hugsar, fungerte ikkje lydfiler og lyd-cd. Tekstar på papir vart heilt ok.
- Me kan berre uttala oss om niende og tiende trinn. Me tykte opplegget med filosofi var veldig bra.
- Tilbakemeldingane har vore delte. Svært bra i begynnelsen.
- Teksten "Vårblomsten" mente elevene at var litt lang og den engasjerte dem ikke. Vi fikk allikevel til en diskusjon rundt teksten, hvor elevene hadde flere innspill å komme med.
- Eg synest det har vore både og. Første året fungerte både tekstar og pedagogisk opplegg godt. Andre året fungerte teksten godt, men opplegget var for ullent. Tredje året fungerte teksten også godt, men opplegget var for ambisiøst. Heldigvis hadde eg jobba med Photostory før og klarte å dra det ned på eit handterleg nivå for elevane. I fjor fungerte også tekst og opplegg ganske godt, men resultatet(plakat) var eit tilbakesteg frå åra før. I år fungerte både tekst og opplegg dårleg. Teksten skulle aldri vore lest for elevane. Den var altfor lang. Og som norsklærer syntest eg at eg fekk minimalt ut av elevane sitt arbeid med spørjeskjema og grafiske framstillingar.
- Noko bra, noko mindre bra.
- Varierende. Noko fungerte godt, andre ting var noko vanskelegare
- Elevene skjønte ikke helt rekkevidden av Løland sine tekster. Løland er forståelige og gode for voksne, da de krever erfaring og abstraksjonstenking, samt en god porsjon gjennkjennelighet, for å fungere som humor. Idebankene i prosjektet var gode og satte oss på mange gode ideer og vinklinger på opplegget.
- Det fungerte svært godt.
- Lølandtekstane fungerte dårlegare for kvart år, og i 10. kl kutta me dei ut. [lokalt sted]elevane er grundig leie av Løland nå.
- Det fungerte greitt.

Har det vore forskjellar i korleis prosjektet har fungera i dei åra de har delteke?

- Det er vanskelig å mene noe om, fordi det ble en så kort periode.
- Det fungerte ikke like godt da de kom på u.trinnet. En av grunnene var vel at de lærerne følte at de ikke eide prosjektet like godt.
- Eg kan ikkje svara for 6-7 klasse. I 8. klasse fekk me ikkje gjort noko fordi eg alt hadde ein plan og var ikkje klar over at Kvitebjørn skulle vidareførst ut 10. klasse. I 9. og 10. har me fått jobba litt med det, med best resultat i 9. klasse då me hadde den filosofiske tilnærminga, og den læraren som i utgangspunktet gjekk inn på avtala var med i timane. I år har mykje stått og falle på ein travel matematikklærer, og resultatbehandling har det ikkje vorte tid til.
- Det var to heilt ulike prosjekta dei to åra eg var med, så det er ikkje samanliknbart. Prosjekta fungerte bra på sine måtar.
- På vår skule har prosjektet fungert bra i sjette og niende.
- Ja, som sagt: best i starten.
- Jeg har bare vært med fra høsten 2012, så kan i grunn ikke si så mye om dette.

- Ja, sjå førre spørsmål
- Fungerer best når det er noko konkret som skal lagast. Vanskeleg med filosofering.
- Vanskeleg å svare på sidan det er 3-4 år sidan
- Elevene mista etterhvert mye av gnisten. De arbeidet godt, men hadde fra tidlig en overdreven oppfatning av at Kvitebjørnen skulle være lek og moro, som et alternativ til vanlig skole. Etterhvert gikk oppleggene mere inn som del av læreplanen og ble alvor med evalueringer og karakterer. Det måtte det jo også bli siden så mye tid (opptil en måneds arbeid) gikk med til å produsere. Dette måtte erstatte/komme i tillegg til annet lærestoff. I 10.klasse er tiden knapp og mye skal gjennomgås og evalueres.
- Har berre vore med eitt år og synest ikkje eg kan svare på det.
- Nei
- Nei

Kva har fungert best i Kvitebjørnen?

- Det har vært fine undervisningsopplegg.
- Det fungerte best at den læreren, meg, som var med på oppstarten av det, gjennomførte det.
- kan ikkje svara
- Prosjektet før og nå, med nettutstilling og utstilling i klassen
- Fokus på nynorsk og filosofi.
- Opplegget for mellomtrinnet
- Elevene synes prosjektet med å lage framtidens Røvær var mest engasjerende.
- Det har eg også svart på.
- Det å laga collage, veggbilete osv. (eg var ikkje med dei to første åra, heller ikkje det siste.
- Mange gode ideer, har gitt gode opplegg med mye læring
- Med den gode innføringa vi fekk og materiell som kunne nyttast var det eit flott prosjekt for lærar og elevar.
- Gjennomføringa av dei praktiske prosjekta og framføringa av dei.
- Informasjon og tilrettelegging

Kva har fungert dårlegast i Kvitebjørnen-prosjektet?

- Det å få tid til å organisere opplegget inn i en travel skolehverdag.
- Skifte av lærere.
- at prosjektet strekte seg over to skulesteg. Fleire lærarar involvert utan eigarskap til prosjektet.
- Eg kjem ikkje på noko, det var veldig gode idear begge dei åra me var med.


- Halde på kontinuiteten over så mange år. Krav om kompetanse og utstyr til filmlaging.
- Opplegget for ungdomstrinnet
- Det har eg også svart på.
- Veit ikkje.
- Selve koblinga til Løland sine tekster. Disse virket fremmede på elevene.
- Veit ikkje om eg kan seie at noko har fungert dårleg. Største utfordringa har vore skifte av personar som skulle stå for gjennomføringa og tid.
- Lølandtekstane
- Problem med å lasta opp arbeidet vårt for publisering.

Kvitebjørnen-prosjektet har hatt fleire mål. Hovudmålet er dette: "Å læra å forstå sitt eige lokalsamfunn og dei kvalitetane som finst der, å gjera elevane stolte av staden dei kjem frå og la dei aktivt kunne ta del i og påverka utviklinga vidare." I di meining: Har prosjektet bidrege til å oppnå dette målet?

- Den gruppa som har deltatt har blitt bedre kjent med sitt lokalsamfunn og kjente personer.
- Ja
- I liten grad, diverre, dette er jo ting me jobbar med i andre fag og prosjekt som nok har mykje større effekt. Til dømes store oppsetningar under Poesifest basert på Hauge og andre tekstar, vi og garden i småskulen, leirskuleopphald i høgjellet vårt, faste turar, film og foto-prosjekt i kunst og handverk, særnemne om dialekt, stadnamn e.l., for å nemna noko.
- Ja, det vil eg seia. Det som var knytta til Rasmus Løland og diktinga hans, var litt tungt, men det som var knytta til heimstaden før og no, var kjempeflott.
- Det må ha vore best dei første åra.
- I liten grad.
- Av det jeg har vært med på og forstått så føler elevene at de har hatt god utbytte av dette prosjektet. De refererer til tidligere oppgaver og er kry av det de har laget pappmasje og skrin. Elevene er også kry av hjemmeplassen sin etterhvert som de lærer mer om den.
- Ikkje så mykje. Kanskje har det verka mot sin hensikt? Elevane viser misnøye når Rasmus Løland blir nemnt i alle fall. Prosjektet i forhold til lokalsamfunnet var kanskje mest vellukka i 7. og 8. klasse. Då jobba dei konkret med lokalmiljøet anten som inspirasjon til innovasjon(7. klasse) eller til å dokumentera endringar i samfunnet(8.klasse).
- Trur det har bidratt ein del.
- Vanskeleg å svare på.
- Mye av dette formålet tror jeg "satt" i elevene uavhengig av kvitebjørnen. Men selvsagt var de nok med på å styrke bevisstheten.
- Trur prosjektet har vore med og lært elevane å forstå sitt eige lokalsamfunn. Håper også det kan ha vore med å gjere dei stolte av røtene sine. Som 10. klassingar kan det hende dei no er meir opptekne av verda utanfor Hellesylt og Sunnlyven. Likevel trur eg det er lagt noko i "botn" som vil bety noko for dei vidare.

- Ja
- Vanskeleg å seia. Elevane er med på mange prosjekt, men eg trur og følte det interessant og meiningsfullt då me jobba med dette.

Om du skulle gje prosjektet som heilskap ein karakter? 6 er det beste.



Nokre avsluttande kommentarar?

- Det var synd at vi ikke fikk følge prosjektet videre grunnet andre prioriteringer fra den tidligere ledelsen. Det er alltid morsomt å se en utvikling over tid. Jeg synes samarbeidet har vært veldig inspirerende også med hensyn til nynorsk som andre hovedmål.
- Veldig interessant. Bare synd at vi bor så langt fra Stavanger.
- Verkar veldig negativt dette, men, som sagt, å dra prosjektet over så mange år og over to klassesteg, er ikkje eit sjakktrekk. Eit slikt prosjekt bør avtalast med ein-to bestemte lærarar og vera mykje meir avgrensa i tid.
- Eg håpar me får fleire slike "kursrekkjer"/prosjekt, det var inspirerende og lærerikt, utviklande for meg som lærar, og elevane fekk vera med på opplegg som var litt unike og samtidig knytta til noko kjendt/lokalt.
- Sjå tidlegare kommentarar.
- En variert og spennende måte å jobbe på. Litt vanskelig å komme inn som ny lærer etter at prosjektet har pågått i flere år. Konklusjonen blir likevel at vi har hatt nytte av dette og ikke minst hatt det kjekt underveis.
- Eg kjem til å bruka forteljaropplegget til 6. klasse omatt fordi det er svært godt. Opplegget for 8. klasse kan også brukast med litt tillemping. Dei andre kjem eg ikkje til å bruka igjen.
- Eit slikt prosjekt bør kanskje ikkje gå over så mange år?
- Egentlig ikke. Deler av opplegget er tatt opp og allerede videreført på nytt på mellomsteget
- Synest vi var heldige som fekk vere med på dette prosjektet. Det har tilført både lærarar og elevar ny og nyttig kunnskap. Det har også gjeve oss mulegheit til å sjå og bli inspirert av det andre skular som var med i prosjektet har gjort.

- Eg har berre vore med dette året, og kan derfor ikkje uttala meg om heile prosjektet. Som norsklærer synest eg ikkje utbyttet var så stort dette året.
- Kjekt prosjekt og god oppfølging!